



SONGLAGET
BUL I OSLO • 1914



BONDEUNGDOMSLAGET
I OSLO



TEATERLAGET
I BONDEUNGDOMSLAGET • OSLO



ÅRSMELDINGAR SÆRLAG, NEMNDER OG RÅD



2023

INNHALD



SÆRLAG/NEMND	SIDE
Leikarringen	3
Songlaget	52
Teaterlaget	64
Målnemnda	69
Bondehytta	71
Røkleivhytta	73
Idrottslaget	74
Rådet	93

ÅRSMELDING 2023







17. mai 2023

Foto: Thor Hauknes



Framsidedfoto: Thor Hauknes
Utsnitt frå Brusteiinsballet på 17. mai 2023

Bladbunad: Torbjørn B. Lauen



1. MELDING FRÅ STYRET

2023 var på mange måtar eit unntaksår – med positivt forteikn. Me begynte å sjå konturane av det allereie hausten 2022, men i året som gjekk slo me den eine rekorden etter den andre. Med over 400 unike personar innom tysdagsøvingane, og skjeldan færre enn 40 på øving, har styret hatt meir enn nok å gjere.

Det er ei folkedans-bølge i Oslo om dagen, ei bølge me vonar vil skylle over resten av landet òg. Det går godt hos både oss i Leikarringen, men òg for Frøy, Hallinglaget, Folkemusikkpøbben og Riksscenen (særleg Tuvas Blodklubb). Me opplever alle saman ei positiv utvikling, og me er alle flinke til å snakke kvarandre opp. Og nettopp det er nok noko av grunnen til at ting går så bra som det gjer.

For styret har mykje av arbeidet handla om å tilpasse oss ein ny situasjon på øvingane. Med fleire tilstades og mange nye kvar veke har me måtte innføre nye rutinar. Mellom anna er pause-maten og vatn flytta ut i foajeen.

Det er òg innført registrerings-”skranker” i foajeen slik at me får registrert alle som kjem. I august begynte me med to ulike “skranker” – ein for medlemmar og dei som har vore på øvingar før, og ein for dei som kjem for første gong. Dette har òg ført til fleire medlemmar, og at fleire ikkje-medlemmar betalar fotskatten for å få vere med.

På tysdagsøvingane er det no mange heilt ferske dansarar kvar veke, me ønskte difor å gi eit ekstra tilbod til dei faste dansarane våre og starta difor opp Framsyningsringen på hausten. Frå 2024 har me òg begynt med grunnkurs ein halvtime før ordinær øving for dei aller ferskaste.

Med stadig meir å gjere på øvingane har styret gått frå å ha éin styreansvarleg pr. øving til to.

Simon bur framleis i Tyskland, og hausten 2023 flytta Herborg til Trøndelag. Tone har òg vore mykje utanbys etter sommaren på mange ulike turnéar. Styremøta har difor alltid vore halv-digitale gjennom heile året. Særleg på hausten betydde dette at dei Oslo-faste styremedlemmane fekk ekstra mykje ansvar for tysdagsøvingane.

I løpet av hausten prøvde styret å sette i gang tiltak for å få fleire medlemmar til å bidra i arbeidet. Det har òg blitt vurdert tilsetningar for å hjelpe på arbeidsmengden. Saman med Rådet har det blitt gjort eit større arbeid med å spesifisere oppgåvene til styret og kva me evt. kan få frivillige eller innleigde til å hjelpe til med. Det er mange gode ressursar i Leikarringen, og dei fleste er flinke til å svare ja når dei blir spurt. Men det er vanskelegare å få medlemmar til å “melde seg til teneste” på eige initiativ.

Alt i alt har 2023 vore eit sterkt år for Leikarringen, og trass ein god del meir arbeid enn styret kanskje såg føre seg når me takka ja til verva våre så har det vore eit utruleg morosamt arbeidsår. Tenk å få lov til å vere med når folkedansen er i vinden som aldri før.

Leikande helsing,
Styret

STYRET I 2023



Torbjørn B. Lauen
Styreleiar



Tone Ingvaldsen
Nestleiar



Simon H. Løvald
Kassastyrar



Elise B. H. Thomassen
Skrivar



Herborg N. Oma
Styremedlem



Elias Vinje
1. vara



Synnøve Bryde
2. vara



1. MELDING FRÅ STYRET

1.2 ØKONOMI

Styret har i året som har gått vald å aktivt bruke LR-midlar til å skape auka aktivitet og ei kjensle av tilknytning til ringen. I all hovudsak har desse midla gått til fellesaktivitetar og stønad til medlemmar som ønskjer å reise på ulike kurs eller arrangement. Dette har styret sett som ei viktig faktor for å auke samholdet i gruppa, og til å inspirere enkeltmedlemmar til å fordjupe seg i folkedansen. Auka kompetanse mellom medlemmane gir òg auka glede på tysdagsøvingane.

På inntektssida har me hatt ei auke i inntekt frå oppdrag og tilskot. Med ei stabil kjernegruppe i ringen har vi igjen kunne teke på oss inntektsgjevande oppdrag for blant anna Senterpartiet og Sommerskolen på UiO.

Auka i tilskot kjem frå ei auka mengde av vaksenopplæringsøknadar, som nå òg blir gjort på vegne av Framsyningsringen, Myretrill og Søndansen. Trass ei markant auke i utgifter, har ei auke i inntekter og bankrenter resultert i ei knapt underskot for året 2023.

I år som i fjor har ringen fått inntekter frå Grasrotandelen. I 2023 hadde me fire spelarar, noko som gav ein inntekt på kr. 1 259,71



1. MELDING FRÅ STYRET

1.3 BLESTARBEID

Godt blestarbeid er mellom suksessfaktorane for at stadig nye dansarar finn fram til Rosenkrantz' gate 8 på tysdagane. Leikarringen har fire hovudkanalar me brukar for å nå ut med informasjonen vår. I tillegg er jungeltelegrafan ein viktig kanal for oss, sjølv om me vanskeleg kan styre den. Som lova i arbeidsplanen har det blitt utarbeidda ein enkel profilhandbok for Leikarringen.

Nettsida

Nettsida har blitt oppdatert i all hovudsak to gonger i året når vår- og haustprogrammet blir publisert. I samband med desse publiseringane har styret òg gått gjennom sidene for å sjå om alt er oppdatert som det skal.

Nytt av i år er at me òg legg ut protokollar frå styremøta våre på nettsida. Dei etiske retningslinjene som er vedteke for BUL peiker på behovet for openheit, og med dette tiltaket håpar me medlemmane får betre innsyn i styrets arbeid gjennom året.

Nyhendebrev

Styret sende ut 16 nyhendebrev i løpet av 2023. Ein gong i månaden sender me ut eit generelt nyhendebrev om kva som skjer i den komande månaden, i tillegg sender me ut spesial-brev når det er viktig informasjon som må ut til medlemmane.

Frå april gjekk me over til Mailchimp for utsending av nyhendebrev. Med nytt system kunne me utforme breva på ein heilt anna måte, og håpar medlemmane syns omlegginga har gjort det betre å lese breva våre.


Facebook

Facebook brukar me først og fremst til å lage hendingar (events) slik at folk kan lese om dei ulike øvingane og festane våre, og legge dei til i kalenderen sin. Me har òg delt litt ulik info på sida vår.

I tillegg til facebook-sida har me fleire grupper som blir brukt til å dele informasjon med medlemmane. I hovudgruppa – Leikarringen ❤️ – har me òg brukt den nye samtale-funksjonen for at medlemmar kan kontakte kvarandre om å dra på konsertar og dansefestar, filmkveldar, brettspelkveldar, kinoturar o.l. På denne måten kan nye medlemmar enklare få “innpass” i dei sosiale tilstelningane medlemmane sjølv står for.

Instagram

Nesten utan unntak har me lagt ut minst éin historie på Instagram på kvar øving. Her viser me ein liten filmsnutt, og skriv kort om kva temaet har vore og evt. kor mange som er på øvinga. Desse historiane har me fått fleire gode tilbakemeldingar på både frå medlemmar, og frå andre danselag i Noreg og Norden som blir inspirert av å sjå kvardagen i Leikarringen.



1. MELDING FRÅ STYRET

1.3 SAMFUNNSENGASJEMENT

Det er ikkje ofte Leikarringen meiner noko om andre ting enn folkedans og bunad, men som ein del av den frilyndte ungdomsrøsla har me alle eit samfunnsengasjement i tillegg til vårt faglege engasjement for folkekulturen vår.

I oktober 2023 sende Noregs Ungdomslag ut ei oppmoding til alle sine lag og medlemmar om å signere eit opprop om umiddelbar våpenkvile på Gaza-stripa.

Oppropet ba om:

1. Tilrettelegging for levering av livreddande hjelp inkludert mat, medisinsk utstyr, drivstoff og gjenoppretting av straum og internett til Gaza, i tillegg til trygg passasje for humanitært og medisinsk personale.
2. Frigjering av alle sivile gissel, særleg barn og eldre.
3. Tillate humanitære konvoiar til FN-anlegg, skular, sjukehus og helsestasjonar i nordre Gaza, og tryggleik for sivile og personale i desse bygga.
4. Tilbakekalle ordren frå Israelske styremakter om at sivile må forlate nordre Gaza.
5. Tillate pasientar i kritisk tilstand å bli evakuert for umiddelbar hjelp.

Styret i Leikarringen valde å følgje oppmodinga og signerte oppropet.



Med mykje folk på øving er vassmuggane byta ut med 20L vassdunkar



Elise og Herborg før det store innrykket av dansarar på BLS-festen i mars



Tone, Torbjørn, Elias og Elise på styremøte



2023 I REINE TAL

Pr.31.12.2023 hadde me

222

medlemmar i Leikarringen

Det har vore

407

personar på tysdagsøvingane

På årsmøtet 28. februar 2023 møtte

21

medlemmar med røysterett

Totalt har me hatt

184

øvingar fordelt på 7 grupper

Leikarringen hadde

12

danseframsyningar

Me har fått godkjent

190

studietimar hos Studieforbundet

Styret har hatt


12

digitale og fysiske styremøte

Det har blitt dansa meir enn

350

timar i Teatersalen og Lagsrommet




2. MEDLEMMAR

2.1 TAL OG UTVIKLING

Pr. 31.12.2023 hadde Leikarringen 222 medlemmar i alderen 0 til 90 år. Dette er ei auke på heile 59 medlemmar samanlikna med 2022. Me fekk 79 nye medlemmar i Leikarringen i 2023. Antalet honnørmedlemmar har auka frå 24 til 28.

Ruth Amdahl og Edvard Lauen er heidersmedlemmar i hovudlaget.



Utvikling dei siste 10 åra:

2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
222	163	144	143	140	128	104	114	112	98

2. MEDLEMMAR

2.2 UTDELING AV HEIDERSMERKE

§12 – Heidersmerke

Leikarringen har eit heidersmerke som vert delt ut etter samrøystes vedtak i styremøte der heile styret må vere med.

Rettesnor for utdeling av heidersmerke:

- Leiar i tre år og gjort godt arbeid.
- Rettleiar og framsyningsdansar i fem år og gjort godt arbeid.
- Aktiv framsyningsdansar i minst ti år og i tillegg teke del i andre aktivitetar som fremjar føremålet til Leikarringen, t.d. styrearbeid i ringen eller hovudlaget, nemndarbeid, musikk, o.l.
- Styret kan i særskilde høve dele ut merke til medlemmer som fell utanom dei tre første punkta i desse føresegnene.

I samband med Lønningspolsen og Leikarringens årssdag 14. november 2023 blei Leikarringens heidersmerke delt ut til:

- Rune Bergwitz
- Klas Ekeland
- Anne Cathrine Johansen

dette fekk dei for lang og trufast innsats for Leikarringen og for BUL, særleg i hyttestyret for Bondehytta der dei har vore med i minst 20 år kvar.



LAGSMERKET VÅRT

Utgangspunktet for lagsmerket vårt er lagsfana som Leikarringen første gong tok i bruk 17. mai 1931. Fana er den same som Idrottslaget i BUL tok i bruk i 1928, og var teikna av Eirik Eikrann og meint som ei fana for heile Bondeungdomslaget. I dag er det berre Leikarringen som framleis brukar denne fana.

Fana består av tre delar:

1. Eit kors i gull på raud grunn, eit merke som er knytt til heilag-Olav.
2. Det andre er olavsrosa. Det er ein slags sirkel-form med seks eller åtte «bogar», og er opphavleg eit bysantisk gulvmønster som det er sagt at heilag-Olav henta med seg heim til Noreg.
3. Det tredje er tre langskip på blå botn. Dette var brukt som kongsmärke av Håkon Håkonsson på 1200-talet. Omlag på same tida begynte danskene å bruke tre løver, og svenskene tre kroner. Den løva som blir brukt som riksvåpen i dag var det sonen til Håkon Håkonsson, Magnus Lagabøte, som tok i bruk.

Lagsmerket vårt består av dei to siste elementa: Olavsrosa og Håkon Håkonssons tre langskip.

For BUL var det viktig å hente fram igjen det gamle norske. Me tok i bruk og videreutvikla folkedansen, bunadene og språket. Gamle symbol og namn var viktige å revitalisere. BUL var av dei aller første som tok i bruk Oslo som namn på byen vår – allereie i 1899. Eit namn byen ikkje fekk tilbake før 26 år seinare.

Heidersmerket

Leikarringen har òg eit heidersmerket som blir gitt til medlemmar som har gjort ein omfram innsats for ringen eller for BUL. Anten i form av styrearbeid, nemndsarbeid, instruksjon, musikk eller på anna vis gjort seg fortent til litt ekstra heider.

Dette merket er forma likt som lagsmerket, men er omkransa av ei gullramme med to liljer og tre pilar. Dette er dei same tre pilene som St. Hallvard held i Oslos byvåpen.

Heidersmerket til Leikarringen →



2. MEDLEMMAR

2.3 SØKNADAR

Leikarringen ønskjer at så mange som mogleg aukar eigen danse- og organisasjonskompetanse, og sender difor medlemmar på kurs når dei søker om støtte.

Desse har fått innvilga reise- og kursstøtte i 2023:

- Astri Andrea Hernes Bjerkem (Bergenstur)
- Elias Vinje (Grunnleggande instruktørkurs, Ørsta)
- Elise Thomassen (Grunnleggande instruktørkurs, Ørsta)
- Gunnar Rogneflåten (Seminar om dans som immateriell kulturarv, Røros)
- Hedda Hernes (Bergenstur)
- Hedda Hernes (Seminar: Pedagogisk påfyll Folkemusikk og Folkedans)
- Håkon Busk (Bergenstur)
- Ingeborg Revheim (Bergenstur)
- Maissenc Bennour-Ferrari (Bergenstur)
- Nina Losnedahl (Bergenstur)
- Oda Hernes (Hilmar Ung, Steinkjer)
- Runhild Heggem (Instruktørkurs turdans, Skjetten)
- Sigurd Skogdal (Bergenstur)
- Synnøve Bryde (Bergenstur)
- Tilia Paasche-Aasen (Bergenstur)

3. DANSEGRUPPENE

3.1 LEIKARRINGEN

Aldri har det vore så stor oppslutnad om øvingane våre på denne sida av årtusenskiftet.

Året begynte godt med 43 dansarar på første øving, og stadig gjennom våren skulle me bli overraska over godt oppmøte. Det heile toppa seg med 17. mai-øvingane når me hadde høvesvis 125 og 119 dansarar på øving i Teatersalen. Av dei vanlege øvingane var det vårens siste med Kjøk-søstrene som instruktørar som blei den mest populære med 73 dansarar i salen. I snitt var det 48 dansarar kvar veke om me ikkje tel med dei to 17. mai-øvingane.

Der våren begynte sterkt, så begynte hausten over all forventning med 62 stk. på øving. Den mest populære øvinga var Vegar Vårdal si øving når me hadde 76 dansarar i salen. I snitt var det 54 dansarar kvar veke., og berre éi øving hadde færre enn 40 dansarar. Då var det 39 stk.

Med gode rutinar på registrering har me fått betre statistikk på oppmøte enn tidlegare, og i 2023 har me registrert 407 personar innom tysdagsøvingane. Sjølv om hovudtyngda er i 20-åra, har det vore dansarar i alle aldre innom øvingane våre. Den eldste var 76 år, og den yngste knapt 2 månader gamal.

Omlag halvparten har berre vore på éi øving, men samtidig har omlag 40 medlemmar vore på minst halvparten av øvingane. Så sjølv om det er stort gjennomtrekk føler me at me har ein god kjerne som kjem ofte.



Gruppefoto frå sommarfesten 6. juni

ØVINGAR VÅREN 2023

Tema	Instruktør	Musikar
Feststemt runddans	Tone Ingvaldsen	Levina Storåkern
TEMA: Trøndelag	Anbjørg Myhra Bergwitz Audun Grüner-Hegge	Marius Westling
Hallingspringar	Lars Smaaberg	Åsmund Fauske
Rørspols	Solveig Brekke Hauknes	Bjørn Kåre Odde
Mengdetrening Rørspols	Audun Grüner-Hegge	
Alle hjarters dansedag	Vegar Vårdal	
Herming, hint og kuriosa	Signe Dorthea Krohn Gjessing	Amalie Kinsarvik Tvilde
Telespringar	Elisabeth Ellingsen	Mattias Thedens
FØLG med – fokus på følgerolla	Lisa Grav Henriksen	Amalie Kinsarvik Tvilde
Tema: Hordaland	Torbjørn Bergwitz Lauen	Ingeborg Revheim
Swing	Hallvard Øfstaas	
Ril rundt Nordsjøen	Marianne Dahl	Andreas Ljones
Reinlender og vals	Torill Schinstad	Tiril Einarsdotter
Ønskekonsernt	Tone Ingvaldsen Torbjørn Bergwitz Lauen	
Springleik frå Lom	Hanne og Synne Kjøk	Marius Westling
Øving til LK – Finnskogspols	Anbjørg Myhra Bergwitz Audun Grüner-Hegge	

ØVINGAR HAUSTEN 2023

Tema	Instruktør	Musikar
Kom i gang etter sommaren	Tone Ingvaldsen	Ester Thunander
Halling med beina på jorda	Vetle Springgard	Jo Einar Jansen
Vegar-ting	Vegar Vårdal	
Instruere på gulvet	Isa Holmgren	Julia Bengtson
Kvensk dans	Astrid Serine Hoel	Trygve Beddari
Finnskogspols	Audun Grüner-Hegge	Elise Tegnér
Tema: Østerdalen	Solveig Brekke Hauknes	Trygve Liahagen
Tema: Agder	Torbjørn Bergwitz Lauen	Mattias Thedens
Øving til BLS-jubileum	Vegar Vårdal	
Runddans	Thomas Nilssen	Marius Westling
INTRO: Valdresspringar	Ingrid Lingaas Fossum	Sindre Tronrud
VIDARE: Valdresspringar	Ingrid Lingaas Fossum	Sindre Tronrud
Tema: Nordland	Tone Ingvaldsen Nina Losnedahl	Amalie Kinsarvik Tvilde
Nordiske dansar	Marianne Dahl Torill Schinstad	
Reinlender og Schottis	Signe Dorthea Krohn Gjessing	Amalie Kinsarvik Tvilde

3. DANSEGRUPPENE

3.2 BULDER OG BRAK

Våren 2023 dansa me mykje i dansesalen på DNT. Me hadde gjesteinstruktørar som Håkon Odden og Eilif Hellum Nordaker på besøk.

Då våren kom for fullt var me masse i slottsparken og øvde, då det var varmt og godt i lufta, og me kunne danse barføtt på graset.

Som alltid var det ei oppleving å få være med den 17.mai Der me var spydspissen i toget. Seinare deltok me på Landskappleiken, og stilte med eit senior-lag av Bulder dansarar som har blitt store, men som alle har vore innom Rosenkrantz gate på eit eller anna tidspunkt. Me vann.

Sumaravslutninga fann stad i Vigelandsparken der det ble leik, grilling, kubb, fotball og sjølsagt Halling.

Hausten 2023 har vore eit BULder år fylt med dans, leik og spenning. Ånund Meberg Myhren og Sikia Heien har vore instruktørar.

Me har delteke på Det Norske Teater i samband med Bygdedans-stafetten under Bygdelags-Samskipnadens 100 års jubileum.

I laupet tå hausten har me jobba aktivt med lausdans, og hatt mang ei god halling-økt med hælslag, rundkast og hovestift.

Me har fått etablert ei fin gruppe engasjerte barn og unge i BULder og brak, sers det siste halvåret. Me er blitt omlag 11 dansarar i gruppa, og stolte er me av det! Målet er å halde frem med å engasjere, inspirere og være ei trygg plass der me kan trene Halling i lag.

Ånund Meberg Myhren
2. februar 2024

3. DANSEGRUPPENE

3.3 TRØBUL

I 2023 hadde Trøbul 4–7 medlemmer, og instruktør var Oda Sofie Johannesen Hernes.

Gjennom året har Trøbul hatt faste øvingar ein gong i veka. Øvingane har fokusert på å lære nye dansar, øve på teknikk og ha det moro saman. I 2023 deltok òg nokre av gruppa sine medlemmer på kappleik med Leikarringen og på BLS sin jubileumsforestilling på Det Norske Teateret.

Gruppa har hatt godt samhald og god atmosfære. Vi har lært av kvarandre og hatt det moro med å danse saman.

Frå hausten 2023 blei gruppa sjølvstyrt, i den forstand at dei fekk eigne pengar til å råde over som dei sjølv ville. Dei ordna eigne instruktørar, øvingstema, sosiale tilstellingar m.m. Tilia Hernes Paasche-Aasen har fungert som kontaktperson for gruppa.

Etter initiativ frå gruppa blei TrøBUL lagt ned ved årsskiftet grunna lågt deltakartal og dårleg rekruttering. Dansarane held fram på dei ordinære tysdagsøvingane, og deltek òg på URA-samlingar, Bølingen, BLS Ung m.m.

Tilia Paasche-Aasen Hernes
2. februar 2024

3.4 SONGDANSGRUPPA

Songdansgruppa i Leikarringen har hatt øving kvar øvingsdag i Leikarringen frå 18.00 til 19.20. Hovudtyngda av songdansar har vore balladane.


På våren har songdansgruppa hatt fokus på «Falkvor Lommannsson» med mål å få dansa den på bygdøystemnet. Vi vart ikkje mange nok til eit fullt oppsett, men nokre av oss dansa med leikarringen i BUL Kongsberg.

Fram mot stordanskvelden 2024 var programmet for hausten St Olavs kappseilas. Vi restituerte 24 vers ut frå om lag 50 og brukte NRK-opptak frå 1973 med Lillebjørn Nilsen og Hege Tunaal som mal.

Frammøtet har vore om lag 8 personar.

Planar for 2024: Fram mot stordanskvelden i 2025 vil vi ha fokus på Ormen lange. Fram mot Nordlek vil vi øve på Ved Kristiansand.

Gunnar Rogneflåten
1. februar 2024



3. DANSEGRUPPENE

3.5 SØNDANSEN

SØNDANSEN hadde ni gode samkomer i 2023. Vi samlast om lag ein søndag i månaden og held på i tre timar. 20 dansarar har vore med på øvingane dette året og det møter om lag åtte par kvar gong. Spelemann for gruppa er Hans Petter Holen og rettleiar er Folke Flateland. Båe har gjort dette sidan Søndansen starta hausten 2000.

Vi dansar som før mykje kontradans og balldansar frå det norske tilfanget, vi arbeider med dansestil og set dansane inn i ein kulturhistorisk samanheng. Det er med stor glede vi også tar i bruk det nye norske dansetilfanget som er rekonstruert og publisert dei seinare åra. Vi legg også vekt på det sosiale med litt allsong og ein god prat til kaffien.

SØNDANSEN er eit tilbod til dansarar i Leikarringen og BUL som vil danse meir enn dansen på tysdagane, eller som ikkje har høve til å vere med då. Det er triveleg om fleire finn vegen til SØNDANSEN i Lagsrommet i Rosenkrantzgate.

Asker, 7. januar 2024
Folke Flateland

3.6 MYRETRILL

Myretrill har hatt eit godt år meg høg aktivitet og mange fine dansarar. Det har vore meir enn tretti personar innom øvingane i løpet av året. Stort sett er øvingane utan instruktør, utanom éi øving då Eilif Noraker var instruktør. Det har vore organisert opplæring i halling for nye dansarar dei første minutta av øvingane. Dette går me bort frå i 2024.

Våren 2023 fekk me besøk av ein bulgarsk folkedansgruppe der dei fekk lære halling, og dei fekk vist fram nokre av sine dansar.

Grunna romlogistikk var det éin onsdag i vår-semesteret me inviterte til Myre**grill** i staden for vanleg øving. For å avslutte sommarsemesteret inviterte me til Myre**chill**.

I feriane har me hatt pop-up-øvingar til stor glede for dei som har byferie.

Det var eit sterkt ønskje om å stille i lagdansen på Oslokappleiken, men me fekk diverre ikkje samla nok dansarar. Men me prøvar på nytt i 2024.

I desember drog Myretrill på Det Norske Teatret for å sjå teaterstrykket Heil Ved.

Elise Birgitte Haugsten Thomassen
12. februar 2024

3. DANSEGRUPPENE

3.7 FRAMSYNINGSRINGEN

Framsyningsringen starta opp som eit nytt tiltak hausten 2023. Føremålet var å gi dei faste dansarane våre eit utvida tilbod der dei kunne få prøve seg på andre ting enn det me kan på tysdagsøvingane. Det har òg vore eit mål for styret å bygge opp ein større gruppe dansarar som kan ta på seg framsyningsoppdrag som kan gi inntektar til ringen.

Haust-semesteret hadde som fokus å bygge opp eit kjernerepetoar av dansar, og begynne å lære å lage framsyningar. Det har i snitt vore mellom 10 og 12 dansarar på øvingane. Torbjørn Bergwitz Lauen har vore hovudansvarleg for gruppa. Men det har vore fleire ulike instruktørar innom. Tone Ingvaldsen hadde første øving, Torill Schinstad og Marianne Dahl hadde éi øving om dans på scenen, og Vegar Vårdal har vore instruktør på 3 øvingar med fordjuping i dansaranes eigen dans og kropp.

15. november kom Torunn Riise på besøk som instruktør, med Vegar Vårdal som musikal. Då fekk me lære fleire Christiania-dansar som blei filma av Thor Hauknes. Filmane blir ein del av ei utgjeving som kjem i 2024, ei utgjeving Dag Vårdal begynte på og som Torunn no gjer ferdig.

På juleavslutninga 12. desember synte ringen fram noko av det dei hadde lært i løpet av hausten.

Torbjørn Bergwitz Lauen
1. februar 2024



Illustrasjonsfoto frå 2024



Det var ei øving me måtte finne alternativt lokale til Myretrill. Heldigvis var det så fint vær at det blei Myregrill i staden for.



Myretrill i full fart på øving



Leikarringens yngste medlem i 2023 på si første øving.

berre 3 røyster. Dobbelt så mange fekk framlegget frå fleirtalet i styret. Det lydde slik: «Gjentor med stuttklipt hår som alt er med i ringen har høve til å halda fram, men kan ikkje vera med på fram-syningar eller representera ringen utetter.» Det strengaste framlegget (frå Egil Bergli) vart så vedteke med 18 røyster. Det slo kort fast at «Gjentor med stuttklypt hår har ikkje høve til å vera medlemmer i Leikarringen i Bondeungdomslaget».

(Krogseter: Leikarringen i Bondeungdomslaget 1919-1969)

Alt er heldigvis ikkje som i gamle dagar. Dette utklippet blei delt på Instagram-kontoen «Erfaren jomfru ønskes strax» i august 2023.



Og likevel så renner det folk inn kvar veke!

Går verda imot deg? Treng du også ein pause? Endå ikkje møtt den rette?

Leitar du etter god stemning? Rekk du ikkje reise heim før Leikarringen? Gira på eit godt gammaldags kaffeslabberas?

Me treffast på Kaffistova frå kl.18

Innimellom er det nokre medlemmarsom møtast på Kaffistova til kaffislabberas før øving

4. FRAMSYNINGAR

28. januar: Folkemusikktreffen i Vågå

11. februar: Opningskonserten av Folkorg sitt 100årsjubileum

BULder og brak bidro med eit innslag på konserten.

14. mars: Mottaking på Rådhuset i høve BLS sitt 100årsjubileum

26. april: Bunadsfest i Teatersalen

For å feire at den norske bunadsbruken er innstilt til UNESCO si verdarvliste over immateriell kulturarv skipa Noregs Ungdomslag m.fl. til stor bunadsfest i Teatersalen.

Kronprinsesse Mette Marit var heidersgjest, og Leikarringen bidrog med ei framsyning av turdans, songdans og bygdedans. I tillegg leia med hele festlyden i ein åttetur frå Asker.

17. mai: Ensjøtunet og Marienlyst skule

Tradisjon tru hadde Leikarringen framsyning på Ensjøtunet på 17. mai. Det som ikkje var så tradisjonelt var ein lett improvisert framsyning på Marienlyst skule etter at ein lærar hadde gått forbi hagen der me åt lønsj og dansa.

4. juni: Bygdøystemnet – Finnskogspols og Kørdsans frå Grue

12. juli: Sommarskulen UiO – “Norway Night”

Framsyning og danseopplæring for internasjonale studentar ved UiO.

28. oktober: Jubileimsframsyning BLS 100 år på Det Norske Teatret

Både TrøBUL, BULder og brak og Leikarringen deltok med innslag, koreografert av Vegar Vårdal. I tillegg deltok me i bygdedansstaffetten med Finnskogspols og Vestlandsspringar.

Marianne Dahl og Torill Schinstad tok òg initiativ til ein eigen turdansframsyning, og fekk med seg ein gjeng medlemmar som hovudsakleg ikkje er så aktive på tysdagane lenger.

Heile framsyninga blei ein gedigen suksess!



Turdans-gjengen

BULder og brak

Framsyning på Rådhuset i samband med
BLS sitt 100årsjubileum.

Foto: Runhild Heggem



Framsyning i Teatersalen i høve Bunadsfesten for
UNESCO-nominasjonen av norsk bunadbruk.

5. TILSKIPINGAR

5.1 YMSE TILSKIPINGAR

14. mars – BLS 100 år!

Jubileumsåret til fylkeslaget vårt begynte med ei stor mottaking på Rådhuset 14. mars, med påfølgjande fest i Teatersalen etterpå. Det var Leikarringen som var teknisk arrangør, og me venta storinnrykk. Over 200 på dans er ikkje kvardagskost, men med god hjelp frå mange dugnadsinnstilte medlemmar gjekk alt som smurt.

Sommaravslutning 6. juni

Som vanleg tok me turen til Vigelandsparken for å avslutte vårsemesteret. Det var stort oppmøte, og me både grilla og dansa.

Hyttedans 27. august

Som ein triveleg start på haustsemesteret inviterte styret til hyttedans på Bondehytta. Men grunna uvêr og mykje regn var det ingen tog som gjekk. På kort varsel endra me difor reisemål, og det blei ein hyttetur til Røkleivhytta i staden for. Det er lenge sidan Leikarringen har vore på tur hit, og me fekk eigen guide frå hyttestyret som viste oss veg og kunne fortelje oss både det eine og det andre om hyttas lange historie medan me vandra gjennom skogen. Det blei både dans, brettspel og vaflar på hytta før me reiste heim att.

Lønningpols 14. november

På sjølve årsdagen til Leikarringen inviterte me til Lønningpols att, og det blei både bursdagskake og dans til Bærum spelemannslag. Ca. 125 personar tok turen til Teatersalen denne kvelden. I tillegg til dans og song fekk hyttestyret for Bondehytta ha ein presentasjon om hytta. Tre av hyttestyrets medlemmar fekk òg utdelt Leikarringens heidersmerke denne kvelden.

Juleavslutning 12. desember

Årets juleavslutning hadde styret nesten ingenting med å gjere. TrøBUL hadde fått oppgåven med å planlegge og gjennomføre festen, og med Tilia i spissen greidde dei det med stor suksess! Det blei både dans, kviss og pepparkakar. Framsyningsringen fekk vist seg litt fram, og elles var det god stemning. Ei gild avslutning på eit fantastisk år.



I august var det ein god gjeng som drog på hyttetur til Røkleiva, med eigen guide frå hyttestyret!



5. TILSKIPINGAR

5.2 HURRA FOR 17. MAI

Førebuing

Den store interessa for å vere med Leikarringen på 17. mai i 2022 gjorde at styret peikte ut ein eigen hovudansvarleg for førebuinga og gjennomføringa av tilskipinga i 2023. Hallvard Øfstaas som hadde ein stødig hand på rattet i 2022 fekk oppdraget òg i 2023, sjølv om han gjekk ut av styret i februar.

Øvingane

Det blei sett av to tysdagar til 17. mai-øvingar, og som før hadde Vegar Vårdal og Solveig Brekke Hauknes takka ja til å vere instruktørar på øvingane og danseleiarar på Karl Johan. Sjølv om me trudde me var førebudde på godt oppmøte, så blei me heilt overvelda av kor mange som meldte seg på. 125 personar var med på første øving, og 119 på den andre. Teatersalen var heilt full av folk, men Vegar og Solveig greidde å lose oss gjennom øvingane på meistarleg vis.

Dans på Karl Johan

I den offisielle påmeldinga var det i underkant av 136 påmeldte til å danse på Karl Johan, og 30 påmeldte til å vere med i følget bak. Men ei telling på veg opp Slottsbakken synte at me truleg var nærmare 150 dansarar. Kor mange som var med i vårt følgje opp til Slottet var òg ein del meir enn det som eigentleg var påmeldt. Godt var det at Slottet ikkje insisterte på innsendte namnelister på førehand slik dei gjorde i 2022!

Framsyingar

Framsying på Ensjøtunet blei òg i år. Elise Tegnér spelte. Etter framsyinga var det tradisjon tru hyggeleg samvær med kaffi og kake. Takk til Astrid Skindro for god organisering.

Nytt av året var ein spontan framsying på Marienlyst skule. Sigrid Smolan hadde invitert til mat og dans heime hos seg mellom dansinga på Karl Johan og Brusteinsballet, og i det fine vêret kunne me vere ute i hagen kor det blei både spel og dans. Ein av arrangørane av 17. mai-tilskiping på Marienlyst skule, som lå berre nokre få minutt unna, gjekk forbi og lurte på om me kunne danse litt for dei. Både musikarar og dansarar var villig innstilt, og det blei dansa både Finnskogspols og Rørospols for dei frammøtte på skulens 17. mai-tilskiping.

Brusteinsball

Medlemmar frå Leikarringen hjalp til med å rigge og som medhjelparar og meddansarar under Brusteinsballet på Universitetsplassen. Vegar Vårdal leia dansen, og Åsmund Reistad og Olav Christer Rossabø spelte. Det var godt oppmøte på denne dansefesten, som truleg er den arenaen i Noreg kor flest folk får møte norsk folkedans for første gong.





Du kan sjå fleire bileter på Flickr-sida vår:
<https://www.flickr.com/photos/leikarringen/>

Tone Ingvaldsen under TV2-innspeilinga av Leikarringen om morgonen på 17. mai



Det er ikkje alle avisene som heilt forstår namnet vårt



25/37

Mimi Shikerina og Vilde Amalie Kallander har danset leikarring med Bygdeungdomslaget foran barnetoget på Karl Johan.
Foto: Kristine Sørheim / Avis Oslo



Se årets 17. mai-sending

Ei god stund pryda Leikarringen direktesendinga på nrk.no

6. TURAR

VÅGÅ-TUR 27.-29. JANUAR

Vågå spel- og danslar tok kontakt med Leikarringen hausten 2022 om ikkje me hadde lyst til å kome på Folkemusikktreffen deira i 2023, og det ville me sjølvsgt. 14 medlemmar tok turen, og Vågå spel- og dansarlag betalte både for inngangspengar og overnatting på Nordigard Blessom!

Laurdagen dansa me Finnskogspols på scena som del av mønstringa, og elles hadde me det særers gildt og fekk dansa mykje!

Desse deltok på turen:

Svein Are Sirirud Vatnehol, Rita Sirirud Vatnehol, Elise Thomassen, Ånund Myhren, Isa Holmgren, Nikolai Storevik, Tone Ingvaldsen, Astri Andrea Hernes Bjerkem, Hilda Taklo, Hallvard Øfstaas, Torbjørn Bergwitz Lauen, Sigurd Skogdal, Emma Bakke og Nina Losnedahl. *I tillegg har Leikarringen fleire medlemmar som er fastbuande i bygda som òg var med på festen.*





6. TURAR

LANDSKAPPLEIKEN I LOM 21.-25. JUNI

I juni drog Leikarringen nok ein gong oppover Gudbrandsdalen, og no var målet Lom og Landskappleiken.

Reisa gjorde me kvar for oss i større eller mindre grupper, men vel framme budde dei fleste på felles klasserom.

Rekner me med rubbel og bit av Leikarringsfolk var me vel mellom 40 og 50 stk. på kappleik. Mange tevla, men langt frå alle.

Resultata kan du lese meir om i kapittel 9.

På biletet:

Foran f.v.: Runhild Heggem, Gyda Gaarder Tøraasen, Rita Sirirud Vatnehol, Elise Tegnér, Tone Ingvaldsen, Synnøve Bryde, Sunniva Sofie Christensen, Ånund M Myhren, Ingeborg Revheim, Anbjørg Myhra Bergwitz

Midten f.v.: Torbjørn Bergwitz Lauen, Svein Are Sirirud Vatnehol, Hilda Sofie Løken Taklo, Sigrid Kjøbli, Hanna Løken, Maissenç Bennour-Ferrari, Triinu Piirsalu, Signe Carlin, Alice Mathis, Josefine Berthelsen Totland, Eva Fischer, Nina Losnedahl, Astri Andrea Bjerkem, Vilde Amalie Kallander

Bak f.v.: Isa Holmgren, Nikolai Storevik, Cecilie Fredheim, Oddbjørn Oma, Hedda Hernes, Ingrid Skrindo, Vemund Olav Aukrust, Hallvard Øfstaas, Aleksander Breiby Herseth





Foto: Kine Rosnes Hansen



Foto: Kine Rosnes Hansen



Foto: Runhild Heggem



Foto: Runhild Heggem



Foto: Anders Lillebo




Foto: Kjersti Bratås



6. TURAR

BERGENSTUR 13.-15. OKTOBER

I høve Folkorgs 100årsjubileum var det ein gjeng frå Leikarringen som drog til Bergen i oktober. Vestlandskappleik, dansefest og jubileumskonsert i Grieghallen stod på programmet. Lagshytta på Eidsholmen fekk me låne av Bergen ungdomslag Ervingen. Me deltok på kappleiken, og resultatet kan du lese om i kapittel 9.

Desse deltok på turen:

Bak: Marta Lindvik, Solveig Brekke Hauknes, Janis Ann Hofmann, Ingeborg Revheim, Maissenç Bennour-Ferrari, Tilia Hernes Paasche-Aasen, Hedda Hernes, Sara Sneltorp, Vilde Kallander, Signe Carlin, Astri Andrea Hernes Bjerkem, Torbjørn Bergwitz Lauen, Nikolai Storevik, Nina Losnedahl

Foran: Elise Tegnér, Håkon Busk, Sigurd Skogdal, Hallvard Øfstaas, Brage Planke



7. KAPPLEIK

7.1 LANDSKAPPLEIKEN

Lagdans senior

Det var mange medlemmar som deltok i årets lagdans. Leikarringen sjølv stilte med to lag à 8 par. I tillegg stilte BULder og brak senior. Eit nytt deltakarlag av året – Youngsters – bestod òg stort sett av noverande og tidlegare Leikarrings-medlemmar.

BULder og brak senior vann heile klassa med 90 poeng, og Youngsters kom på 3. plass med 87. Leikarringens lag 2 kom 14. plass med 77 poeng, og lag 1 kom på 17. plass med 73 poeng.

Som vanleg var det fleire medlemmar som deltok med andre lag og grupper i lagdansen i tillegg til å danse med Leikarringen.

Danse Fele A

Solveig Brekke Hauknes og *Ole Nilssen* – Pols frå Østerdalen

Vegar Vårdal med *Kjærsti Gangsø* – Nordlandspols

Rita og Svein Are Sirirud Vatnehol – Springdans frå Nordre Sunnmøre

Dans Fele B

Tone Ingvaldsen med *Snorre Kristiansen* – Nordlandspols – opprykk til A

Signe Dorthea Krohn Gjessing og Torbjørn Bergwitz Lauen – Finnskogspols

Nikolaj Bo Fischer Nielsen med *Ingeborg Solheim-Allen* – Finnskogspols

Ingrid Skrind og Lynn Ossege – Rørspols

Halling A

Jon Bugge

Halling B

Nikolai Bo Fischer Nielsen – første napp

Vebjørn Jøtun Fauske

Eilif Hellum Noraker

Ånund Meberg Myhren

Munnharpe senior

Jon Bugge

Ånund Meberg Myhren



Leikarringen – lag 2

Fele B

Runhild Heggem
Henrik Kamphus

Hardingfele C

Kjetil Meberg Myhren

Vokal B


Isa Holmgren – vinnar av klassen og opprykk til A
Signe Dorthea Krohn Gjessing
Dordi Boksasp Lerum

Open klasse

Vegar Vårdal – som del av gruppa Gjevre, Odde og Vårdal



Leikarringen – lag 1



BULder og brak senior
Foto: Thor Hauknes

7. KAPPLEIK

7.2 LOKALE KAPPLEIKAR

Oslokappleiken 30. september

Lagdans

Leikarringen stilte med overfylt lag i lagdansen (1 par meir enn me eigentleg har lov til), og klinka til med førsteplass i klassen med 69 poeng. Me dansa sjølvstekt finnskogspols og Elise Tegnér spelte.

Mange av ungdomane våre dansa Sørlandsspringar med Bølingen. Elles deltok medlemmar saman med fleire av dei andre laga òg.

Dans Fele, senior

Det var berre medlemmar frå Leikarringen som deltok i denne klassen i år:

Signe Dorthea Krohn Gjessing og Torbjørn Bergwitz Lauen – Finnskogspls

Lynn Ossege og Hallvard Øftaas – Østerdalspols

Maissenç Bennour-Ferrari og Brage Planke – Rørospols

Halling, senior

Vebjørn Jøtun Fauske

Brage Planke

Durspel, senior

Vebjørn Jøtun Fauske

Spel hardingfele, senior

Kjetil Meberg Myhren

Vestlandskappleiken 13.-14. oktober

Leikarringen deltok i lagdansen med finnskogspols, og Elise Tegnér spelte. Då me ikkje kom frå eit vestlandsfylke fekk me vår heilt eigen klasse: *lagdans senior gjest*. Der var me åleine i klassen og fekk 76 poeng. Vinnaren av den vanlege lagdans-klassen fekk 66 poeng.

Nikolai Storevik deltok i spel hardingfele senior.

Nøgde vinnarar av lagdans senior på Oslokappleiken <3



8. MELDING FRÅ RÅDET

Rådet i Leikarringen har etter årsmøtet i Leikarringen 28. februar 2023 hatt denne samansetjinga:

- Vald i 2022: Audun Grüner-Hegge og Rune H. Bjerke
- Vald i 2023: Anbjørg Myhra Bergwitz, Solveig Brekke Hauknes og Hallvard Øfstaas

Rådet har hatt to møte i 2023; 19. april og 16. oktober. Anbjørg Myhra Bergwitz har vore ordførar og Rune Hernes Bjerke skrivar i denne valperioden. Styreleiar Torbjørn Bergwitz Lauen har delteke på møta.

Rådet si hovudoppgåve er å «vere til hjelp for styret i arbeidet med å fremje føremåla til Leikarringen» (jf. styringsføresegnene § 8). Rådet har handsama desse sakene i dei to møta:

- Konstituering
- Presentasjon av styret og stoda i Leikarringen med planar for 2023 og 2024
- Den store arbeidsmengda i styret i Leikarringen

Det siste temaet blei handsama i både møta. Med utgangspunkt i ei god drøfting i det siste rådsmøtet, blei det sett ned ei arbeids-gruppe som skal arbeide vidare med alternative løysingar. Rådet meiner det er viktig at styret definerer tydeleg kva oppgåver ein treng hjelp til, og rår til at ein fordeler fleire oppgåver på medlemmer utanfor styret.

Bærum, 7. februar 2024

For Rådet i Leikarringen
Rune Hernes Bjerke

9. BUNADSNEMNDA

Nemnda har i meldingsåret vore samansett av: Åse Wethal Holen, Sigrid Kjøbli og Anne Cathrine Johansen.

Som vanleg har nemnda veileda om bunadbruk til 17. mai, og andre større hendingar. Til 17. mai vart nesten alle bunadar Leikarringen eig lånt ut, pluss at nemnda formidla kontakt så nokre kunne låne av kvarandre.

Vi veileda også litt i forkant av BLS jubileet på hausten. Det har blitt kjøpt inn ein del småting i året som gjekk: Strykebrett, strykejern, ullstrømper, bukseseler og nokre rimelige søljer.

For Bunadnemnda
Anne Cathrine Johansen
2. februar 2024



Flotte bunadar på Karl Johan, 17. mai 2023 (Foto: Thor Hauknes)

VEDLEGG 3: EIGENLUTAR

BUNADAR

Bunadsnemnda har ansvaret for ringens bunadar. Om du ønskjer å låne ein bunad må du ta kontakt med dei. Bunadane blir berre lånt ut til bruk i Leikarring-samanheng som til dømes framsyningar, og ikkje til privat bruk.

Herre

1. Sigdal-Eggedal jakke
2. Fana (Jakke, knebukse, begge vestar)
Storleik: M/L (50-52)
3. Røros (Jakke, knebukse, vest) Storleik: S
4. Sunnmøre (Jakke, knebukse, vest)
Storleik: ca M
5. «Fantasibunad» (Svart jakke, bukse, raud vest) Storleik: ca M
6. Hallingdal (Jakke, knebukse, lang bukse, vest) Storleik: XL/XXL
7. Gudbrandsdal (Knebukse, vest) Storleik: M/L
8. Vest-Telemark (Jakke, lang bukse, vest)
Storleik: S/M
9. Vest-Telemark (Jakke) Storleik: S
10. Hardanger (Jakke, knebukse, manglar vest) Storleik: 48/50

Dame

1. Fåberg blå (Stakk, jakke) Storleik: S/M
2. Rondastakk og rutiliv (Stakk, 2 forklær)
Storleik: 40/42
3. Jordet blå med damaskliv (Stakk, lue, lauslomme) Storleik: M (Gudbrandsdal)
4. Jordet svart (Stakk, jakke, lue, lauslomme) Storleik: XS/S (Gudbrandsdal)
5. Sunnmøre (Stakk, forkle, skaut med bånd) Storleik: S

Anna

1. To svarte kapper med vove band
2. Ein snippkjole
3. Drakter til Draumkvedet

- Diverse skjorter til dame og herre
- Nokre par hoseband
- Nokre par ullstrømper
- Enkelt sylv (halsringar, mansjettknappar)

Bøker om bunad, bunadbruk og bunadsaum.
M.a. Norsk bunadleksikon

10. EIGENLUTAR

ANDRE EIGENLUTAR

Leikarringen har ein del utstyr, instrument, CDar, bøker og hefter som medlemmar kan få låne ved å ta kontakt med styret. Er det mange som ønskjer å låne t.d. same instrument, så lagar me ventelister. Under kan du sjå kva som finst på lageret vårt.

Instrument og utstyr

- Kontrabass
- Lur x2
- Langeleik
- Seljefløyte m/bark mørk
- Seljefløyte m/bark lys
- Seljefløyte plast x5
- Munnharpe (smidd – norsk)
- Munnharpe (fabrikk)
- Meråkerklarinet x2
- Tamburin u/bjeller
- Rytimestokk
- Sett med sverd/bajonetter
- Sett med faklar
- Sett me blomekranser
- Fane Leikarringen
- Fane Barnelaget

CD-plater

- Draumkvedet
- Francaiser og Quadriller fra norske dansebøker
- Hueknuden – Danseslåttar frå Vest-Agder
- Norske turdansar I – Kontradansar frå Austlandet
- Norske turdansar I – Kontradansar frå Austlandet
- Norske turdansar II – Frå Agder og Nord-Norge
- Norske turdansar II – Frå Agder og Nord-Norge
- Norske turdansar III – Frå Vestlandet
- Norske turdansar III – Frå Vestlandet
- Norske turdansar III – Frå Vestlandet
- Norwegian Folklore (leikarringen) – PR-materiell for framsyninga
- NRK: Møte med Klara Semb 1965 & Folkedans i hovudstaden 1969
- Utle – Brood
- Utle – Håkon Høgemo og Karl Seglem

Bøker og hefter

Sjå vedlagt liste.



Namn	Forfatter	År	Kategori
20 sånglekar med beskrivningar (Finlandsvensk)	Brages sektion för folkdans	1908	Rettleiing
Christiania Royal Quadrille	Dag Vårdal og Torun Riise	2015	Rettleiing
Danse danse dokka mi: Songleikar og turdansar	Klara Semb	1958	Rettleiing
Danse danse dokka mi: Songleikar og turdansar	Klara Semb	1958	Rettleiing
Danse danse dokka mi: Songleikar og turdansar	Klara Semb	1958	Rettleiing
Danse danse lett ut på foten	Egil Bakka	1979	Rettleiing
Danse danse lett ut på foten	Egil Bakka	1979	Rettleiing
Danse danse lett ut på foten	Egil Bakka	1970	Rettleiing
Danse danse lett ut på foten	Egil Bakka	1979	Rettleiing
Danse danse lett ut på foten (mjukt omslag)	Egil Bakka	1994	Rettleiing
Danse mi dokke mæ du æ ung	Tor Stallvik	1982	Rettleiing
Danse mi dokke mæ du æ ung	Tor Stallvik	1982	Rettleiing
Dansens historie: En oversikt over dans i Europa fra de tidligste tider og fram til vårt århundre	Reidar Warne	1996	Rettleiing
Danske Folkedanse: Beskrivelser – Hefte I	Foreningen til folkedansens fremme	1956	Rettleiing
Danske Folkedanse: Beskrivelser – Hefte I	Foreningen til folkedansens fremme	1956	Rettleiing
Danske Folkedanse: Beskrivelser – Hefte II	Foreningen til folkedansens fremme	1955	Rettleiing
Danske Folkedanse: Beskrivelser – Hefte II	Foreningen til folkedansens fremme	1955	Rettleiing
Danske Folkedanse: Beskrivelser – Hefte III	Foreningen til folkedansens fremme	1946	Rettleiing
Danske Folkedanse: Beskrivelser – Hefte III	Foreningen til folkedansens fremme	1959	Rettleiing
Engelis & feier: to danser fra tidlig norsk 1800-talls tradisjon	Dag Vårdal og Torun Riise	2013	Rettleiing
Engelsk Contra-Dans: en dans fra tidlig norsk 1800-talls tradisjon	Dag Vårdal og Torun Riise	2014	Rettleiing
Engelsk Dandse: Fra gamle norske dansebøker	Reidar Warne	1997	Rettleiing
Engelsk Dandse: Fra gamle norske dansebøker	Reidar Warne	1997	Rettleiing
Feier etter S. H. Walcke: en dans fra tidlig norsk 1800-talls tradisjon	Dag Vårdal og Torun Riise	2015	Rettleiing
Fir-tur: Salongdans av Sigrid Thorn Kristiania 1912	Dag Vårdal og Torun Riise	2015	Rettleiing
Folk dancing in Norway	Johan Krogsæter	1968	Rettleiing
Folk dancing in Norway	Johan Krogsæter	1982	Rettleiing
Folkedanse for børn	Foreningen til folkedansens fremme	1923	Rettleiing
Francaiser og quadriller fra norske dansebøker	Dag Vårdal, Folke Flateland, Erik Hestnes, K	2005	Rettleiing
Gamle Danse fra forskjellige Egne	Foreningen til folkedansens fremme	1955	Rettleiing
Gamle Danse fra Fyn og Øerne	Foreningen til folkedansens fremme	1949	Rettleiing
Gamle Danse fra Lolland-Falster	Foreningen til folkedansens fremme	1960	Rettleiing
Gamle Danse fra Mors og Thy	Foreningen til folkedansens fremme	1949	Rettleiing
Gamle Danse fra Møn	Foreningen til folkedansens fremme	1948	Rettleiing
Gamle Danse fra Præstø Amt	Præstø Amts Folkedansere	1954	Rettleiing
Gamle Danse fra Randersegnen	Foreningen til folkedansens fremme	1952	Rettleiing
Gamle Danse fra Sjælland	Foreningen til folkedansens fremme	1954	Rettleiing
Gamle Danse fra Vejle Vestereg	Foreningen til folkedansens fremme	1953	Rettleiing
Gamle Himmerlands-Danse	Foreningen til folkedansens fremme	1952	Rettleiing
Gamle Himmerlands-Danse	Foreningen til folkedansens fremme	1952	Rettleiing
Gamle Salling-Danse	Foreningen til folkedansens fremme	1963	Rettleiing
Gamle sønderjydske Danse	Foreningen til folkedansens fremme	1953	Rettleiing
Her e' me grannar og 11 andre danseviser frå Hordaland	Bondeungdomslaget i Bergen	1995	Rettleiing
Kari går i ringen: Songleikar, selskapsleikar, rim og regler frå Inn-Trøndelag	Berit Eldbjørg Bjerkem	1990	Rettleiing
Kari går i ringen: Songleikar, selskapsleikar, rim og regler frå Inn-Trøndelag	Berit Eldbjørg Bjerkem	1990	Rettleiing
Legestuen	Foreningen til folkedansens fremme	1948	Rettleiing
Molinsky: en dans fra tidlig norsk 1800-talls tradisjon	Dag Vårdal og Torun Riise	2011	Rettleiing
Noreg i dans og spel: læremateriell for musikkfaget	Egil Bakka, Bjørn Aksdal, Erlin Flem, Ivar M	2002	Rettleiing
Norsk kulturarv: Norske dansetradisjonar	Egil Bakka	1978	Rettleiing
Norsk kulturarv: Norske dansetradisjonar	Egil Bakka	1988	Rettleiing
Norske Dansevisur	Hulda Garborg	1923	Rettleiing
Norske Dansevisur	Hulda Garborg	1923	Rettleiing
Norske Folkedansar I. Danseviser	Klara Semb	1961	Rettleiing
Norske Folkedansar I. Danseviser	Klara Semb	1961	Rettleiing
Norske Folkedansar I. Danseviser	Klara Semb	1961	Rettleiing
Norske Folkedansar I. Danseviser	Klara Semb	1951	Rettleiing
Norske folkedansar I. Danseviser	Klara Semb	1923	Rettleiing
Norske Folkedansar II. Rettleiing om dansen	Klara Semb	1956	Rettleiing
Norske folkedansar II. Rettleiing om dansen	Klara Semb	1935	Rettleiing
Norske folkedansar: I. Danseviser	Klara Semb	1951	Rettleiing
Norske folkedansar: II. Rettleiing om dansen	Klara Semb	1956	Rettleiing
Norske Folkedansar: Songdansar	Klara Semb	1991	Rettleiing
Norske Folkedansar: Songdansar	Klara Semb	1991	Rettleiing
Norske Folkedansar: Songdansar	Klara Semb	1985	Rettleiing
Norske folkedansar: Turdansar	Klara Semb	1991	Rettleiing
Norske folkevisor: Dramatisera av Marit Rognlien	Marit Rognlien	1961	Rettleiing
Perm med ymse songtekstar samla opp gjennom	Leikarringen i BUL Oslo		Rettleiing
Quadrille etter A. Hald: en dans fra norsk 1800-talls tradisjon	Dag Vårdal og Torun Riise	2012	Rettleiing
Songdansen i Nordlandi	Hulda Garborg	1922	Rettleiing
Springar, gangar, rull og pols: Hovudliner i eldre norsk folkedansstradisjon	Egil Bakka	1989	Rettleiing
Springar, gangar, rull og pols: Hovudliner i eldre norsk folkedansstradisjon	Egil Bakka	1989	Rettleiing
Svenska folkdanser och Sällskapsdanser	Gustaf Karlson	1933	Rettleiing
Svenska folkdanser och Sällskapsdanser	Svenska Ungdomsringen for Bygdekultur	1952	Rettleiing
Svenska folkdanser och Sällskapsdanser	Svenska Ungdomsringen for Bygdekultur	1952	Rettleiing
Svenska folklekar och danser: Del I Idrattslekar	Carl-Herman Tillhagen og Nils Dencker	1949	Rettleiing
Svenska folklekar och danser: Del II Sällskapslekar, songlekar och danser	Carl-Herman Tillhagen og Nils Dencker	1950	Rettleiing
Svenska sånglekar	Knut Ringqvist, Bengt Anderson og Gunnar	1959	Rettleiing
Svenska sånglekar	Knut Ringqvist, Bengt Anderson og Gunnar	1973	Rettleiing
Så snurr nå, kjærring! Musikk- og dansetradisjoner i Sør-Østerdal og Våler	Sverre Halbakken	1997	Rettleiing
Sånglekar og folkdanser 3: Folkdanser	Nils Presto	1967	Rettleiing
Sånglekar og sångdanser	Inez Mallander	1955	Rettleiing
To små danser fra norsk 1700-talls tradisjon	Dag Vårdal og Torun Riise	2010	Rettleiing
Vejledning for ledere i folkedans	Foreningen til folkedansens fremme	1956	Rettleiing
Flo og fjøre	Jan-Magnus Bruheim	1984	Dikt
Nordisk kultur: Folkevisor. Folkesegner og folkeeventyr.	Knut Liestøl og C. W. von Sydow	1931	Dokumentasjon
Nordisk kultur: Idrett og lek. Dans.	Johan Götling og H. Grüner Nielsen	1931	Dokumentasjon
Folkdans i Sverige	Sigurd Wallin	1943	Fagbok
Gamalnorsk og gamalislandsk lærebok	Grøtvedt og Reinton	1950	Fagbok
Gammaldans i Norden: rapport fra forskningsprosjektet Komparativ analyse av ein folkeleg dansegenre	Egil Bakka, Henning Urup, Henry Sjøberg	1988	Fagbok
Men vi skal koma i hug at tradisjonen alltid vert oppløyst og omskapt: om folkemusikk og folkedans i de Georg Arnestad	Egil Bakka, Henning Urup, Henry Sjøberg	2001	Fagbok
Norsk folkemusikklag skrift nr. 8: Folkemusikken og festivalerna, verdsborgaren og lokalmennesket, folk Magnus Bäckström, Egil Bakka og Ingar Rai	Magnus Bäckström, Egil Bakka og Ingar Rai	1994	Fagbok

Norske folkeviser i leik og dans	Olav Midttun	1958	Fagbok
Nynorsk ordliste for dei høgre skulane	Olav Næs	1960	Fagbok
Songdansen	Ola Straumsheim	1971	Fagbok
Songdansen	Ola Straumsheim	1971	Fagbok
150 sparre-tonar	Sparre Olsen	1973	Folkemusikk
Musikk til svenska folkdanser	Svenska Ungdomsringen för Bygdekultur	1964	Folkemusikk
Naturskalaen: Tonale lover i norsk folkemusikk bundne til seljefløyta	Eivind Groven	1927	Folkemusikk
Norsk folkemusikk: Hardingfeleslåttar bind 1	Olav Gurvin	1958	Folkemusikk
Norsk folkemusikk: Hardingfeleslåttar bind 2	Olav Gurvin	1959	Folkemusikk
Norsk folkemusikk: Hardingfeleslåttar bind 3	Olav Gurvin	1960	Folkemusikk
Norsk kulturarv: Det gjallar og det læt: Frå skremme- og lokkereiskapar til folkeleg blåseinstrument	Reidar Sevåg	1973	Folkemusikk
Norske folkedansar III. Slåttar	Klara Semb	1952	Folkemusikk
Norske folkedansar III. Slåttar	Klara Semb	1952	Folkemusikk
Norske folkedansar III. Slåttar	Klara Semb	1952	Folkemusikk
Norske folkedansar III. Slåttar	Klara Semb	1952	Folkemusikk
Og fela ho lét: Norsk spelemannstradisjon	Arne Bjørndal og Brynjulf Alver	1966	Folkemusikk
Om å lage musikkinstrument	Ola Dimmen	1982	Folkemusikk
Vi byggjer hardingfele	Sverre Sandvik	1983	Folkemusikk
Svenska låtar: Medelpad	Nils Andersson och Olof Andersson	1974	Folkemusikk, dokumentasjon
Svenska låtar: Uppland	Nils Andersson och Olof Andersson	1974	Folkemusikk, dokumentasjon
Dans över gränserna	Svenska folkdansens vänner	1921	Folkemusikk, notar
Danse folkedanse for piano I	Foreningen til folkedansens fremme	1947	Folkemusikk, notar
Danse folkedanse for piano II	Foreningen til folkedansens fremme	1947	Folkemusikk, notar
Danse folkedanse for piano III	Foreningen til folkedansens fremme	1947	Folkemusikk, notar
Torkjell Haugerud Slåtta	Henrik Gjellesvik	1957	Folkemusikk, notar
Hardingfela	Sigbjørn B. Osa	1952	Folkemusikk, notar, Rettleiing
Sull, song og slått	Geir Egil Larsen og Leiv Ramfjord		Folkemusikk, songbok
Barnelaget i BUL Oslo 40 år 1924-1964	Aasmund Svinndal	1964	Historie
Barnelaget i BUL Oslo 40 år 1924-1964	Aasmund Svinndal	1964	Historie
Bondeungdomslaget i Nidaros 1954-1964	Magnar Ervik	1964	Historie
Bondeungdomslaget i Oslo 1929-1949	Sigmund Moren	1950	Historie
Bondeungdomslaget i Oslo 1929-1949	Sigmund Moren	1950	Historie
Bondeungdomslaget i Tromsø 50 år 1914-1964	Helge Stangnes, Toralv Lunde og Elvine Bal	1963	Historie
Bygda i byen: Oslo Fylkeslag – Bygdelagssamskipnaden i Oslo 1923-1973	Skriftnemnda	1973	Historie
Bygda i byen: Oslo Fylkeslag – Bygdelagssamskipnaden i Oslo 1923-1973	Skriftnemnda	1973	Historie
Bygdelagssamskipnaden 100 år 1923-2023	Vebjørn Bakken	2023	Historie
Danske Folkedansere 1929-1979	Danske Folkedansere	1979	Historie
Den frilyndte ungdomen	Jens Dagestad og Erik Gunleikson	1918	Historie
Det Norske Teatret femti år 1913-1963	Nils Sletbak	1963	Historie
Fram dansar: Leikarringen i BUL Oslo 1919-1969	Johan Krogsæter	1969	Historie
Fram dansar: Leikarringen i BUL Oslo 1919-1969	Johan Krogsæter	1969	Historie
Fram dansar: Leikarringen i BUL Oslo 1919-1969	Johan Krogsæter	1969	Historie
Fram dansar: Leikarringen i BUL Oslo 1919-1969	Johan Krogsæter	1969	Historie
Frilynt rørsle i Solør-Odal: Varden i 50 år	Gunnar Tanga	1949	Historie
Glytt frå lagslivet i Noregs Ungdomslag i eldre tid	Kristoffer Sælid	1951	Historie
Ho tok oss med: Festskrift til Klara Semb på 80-årsdagen	Kristoffer Sælid	1964	Historie
Ho tok oss med: Festskrift til Klara Semb på 80-årsdagen	Kristoffer Sælid	1964	Historie
Hugmål: BUL Oslo – 50 år i arbeid for norsk folkedans	Kristoffer Sælid	1964	Historie
Hugmål: BUL Oslo – 50 år i arbeid for norsk folkedans	Leikarringen i BUL Oslo	1953	Historie
Hugmål: BUL Oslo – 50 år i arbeid for norsk folkedans	Leikarringen i BUL Oslo	1953	Historie
Hugmål: BUL Oslo – 50 år i arbeid for norsk folkedans	Leikarringen i BUL Oslo	1953	Historie
Hugmål: BUL Oslo – 50 år i arbeid for norsk folkedans	Leikarringen i BUL Oslo	1953	Historie
Hugmål: BUL Oslo – 50 år i arbeid for norsk folkedans	Leikarringen i BUL Oslo	1953	Historie
Hugmål: BUL Oslo – 50 år i arbeid for norsk folkedans	Leikarringen i BUL Oslo	1953	Historie
Kulturella folkdangillet 1914-1964	Redaktionskommittén	1964	Historie
Leikskrå, Leikarlaget i BUL i Nidaros 1921-1971	Tor Stallvik	1971	Historie
Mot rikare mål: Den norske folkehøgskulen 1864-1964	Kaare Fostervoll	1964	Historie
Nynorsk av hjartans lyst	Turid Kleiva, Bjørn Karsrud, Aud Søyland o	1985	Historie
Nynorsk av hjartans lyst	Turid Kleiva, Bjørn Karsrud, Aud Søyland o	1985	Historie
Oslo Songdanslag 1922-1972	Grethe Tanding Sørensen	1975	Historie
Svein Løndal	O. J. Rui	1954	Ymse
Ungdomshuset: Eit kultursenter i Bygde-Noreg	Lillian Eltvik Dyrnes, Gunvor Hals, Jan Kløv	1986	Historie
Rettleiing for studieringar	Aslak Torjusson	1930	Organisasjonsarbeid
Frilyndt Ungdomsarbeid	Kristoffer Sælid	1936	Organisasjonsarbeid
Handbok i lagsarbeid for ungdomslag og mållag	Edvard Os	1922	Organisasjonsarbeid
Håndbok i lagsarbeid	Victor Krüger	1968	Organisasjonsarbeid
Lov – styringsføresegner – arbeidsprogram	Noregs Ungdomslag	1971	Organisasjonsarbeid
Måltreising og målstrid: Ei arbeidsretteiing for mållag	Eirik Steinnes	1954	Organisasjonsarbeid
NU-handboka	Tor Stallvik	1983	Organisasjonsarbeid
Rettleiaren – Lærar og ungdomsleiar	Noregs Ungdomslag	1970	Organisasjonsarbeid
Noregs Ungdomslag – Ei historisk synfaring	Noregs Ungdomslag	1970	Organisasjonsarbeid, historie
På langs gjennom lagssoga	Noregs Ungdomslag	1972	Organisasjonsarbeid, historie
Brynhildar tåttur og Høgna tåttur: eftir Hammerschaimbs útgáva 1851		1963	Songbok
Eg vil so gjerne syngja	Studentmållaget i Oslo	2001	Songbok
Haralds illustrerte danseviser	Harald Aadnevik	1990	Songbok
Haralds illustrerte danseviser	Harald Aadnevik	2002	Songbok
Kvæðabókin	Sverri Egholm	1964	Songbok
NU-songboka: Til bruk på samkomer i laga	Noregs Ungdomslag	1975	Songbok
NU-songboka: Til bruk på samkomer i laga	Noregs Ungdomslag	1975	Songbok
Pengeglaoppen og andre viser	Vidar Sandbeck	1955?	Songbok
Songbok for Bondeungdomslagt i Oslo og Songlaget aat Bondeungdomslaget: til utferder og hugnadsam	BUL Oslo	1917	Songbok
Storetting og andre barneviser	Nils Slettemark	1977	Songbok
Söngskrá: Söngför til Noregs og Færeyja	Karlakór K.F.U.M. Reykjavík	1926	Songbok
Viser frå havgapet	Stig Nilsson	1977	Songbok
Viser-sangboka	Odd Leren og Leif A. Dramstad	1971	Songbok
Viser-sangboka	Odd Leren og Leif A. Dramstad	1971	Songbok
Viser-sangboka	Odd Leren og Leif A. Dramstad	1971	Songbok
Viser-sangboka	Odd Leren og Leif A. Dramstad	1971	Songbok
Viser-sangboka	Odd Leren og Leif A. Dramstad	1971	Songbok
54 viser og stev fra Øst-Telemark		1984	Songbok, dokumentasjon
Lur-Laat: Visur og stev	Olav Normann	1897	Songbok, dokumentasjon
Norsk folkediktning VII: Folkeviser II	Olav Bø og Svale Solheim	1959	Songbok, dokumentasjon
Dåd og dikt	Sigmund Skard	1963	Ymse
Facts about the Faroe Islands	Føroya Ferdamannafelag	1965	Ymse

Finnskog og trollskaap	Dagfinn Grønøset	1953 Ymse
Færøyene: Frenland i vest	Norsk-færøysk lag	1981 Ymse
Kalevala: i atterdikt ved Alberg Lange Fliflet	Alberg Lange Fliflet	1967 Ymse
Laksdøla elder Soga um laksdølerne: Fraa gamalnorsk av Stefan Frich	Stefan Frich	1899 Ymse
Norsk folkedikting I: Eventyr I	Knut Liestøl	1960 Ymse
Norsk folkedikting II: Eventyr I	Knut Liestøl	1961 Ymse
Norsk folkedikting III: Segner	Knut Liestøl	1963 Ymse
Per Sivle	Bjarte Birkeland	1961 Ymse
Romantik og fortidsvern: Historien om de første friluftsmuseene i Norge	Tonte Hegard	1984 Ymse
Tradisjonsmusikk fra Akershus og omegn: 21 danseslåtter etter Anton Andreas og Anne Nordksaug fra Kroen	SAFFA	2013 Folkemusikk
Tradisjonsmusikk fra Akershus og omegn: Fire dansemelodier fra Follo for to fioliner, klarinett, cello, bass og tromme	SAFFA	2013 Folkemusikk
Tradisjonsmusikk fra Akershus og omegn: 20 springdanser og 10 hallinger	SAFFA	2013 Folkemusikk
Tradisjonsmusikk fra Akershus og omegn: 19 runddanslåtter fra Romerike	SAFFA	2013 Folkemusikk
Tradisjonsmusikk fra Akershus og omegn: 24 springdanser og masurkaer	SAFFA	2013 Folkemusikk
Tradisjonsmusikk fra Akershus og omegn: 15 danseslåtter etter Christian Mærli fra Enebakk	SAFFA	2013 Folkemusikk
Tradisjonsmusikk fra Akershus og omegn: Gammel danseemusikk fra nordre Follo	SAFFA	2013 Folkemusikk
Tradisjonsmusikk fra Akershus og omegn: Feleslåtter og sanger fra Aurskog	SAFFA	2013 Folkemusikk

**ÅRSMELDING FOR
SONGLAGET I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO
2023**



7. oktober 2023 – Etter Songlaget deltok i NM for kor i Trondheim. Foto: Eir-Jørgen Bue

Medlemstal

Det var 53 songarar med i Songlaget i 2023, medrekna songarar på prøvetid, og dei som var med berre våren eller hausten. Det var 45 registrerte medlemmar i Songlaget i BUL og 8 songarar på prøvetid per 31.12.2023.

10 bassar

17 sopranar

16 altar

10 tenorar

Det er éin heiderslagsmedlem i Bondeungdomslaget i Oslo, Nils Norman Iversen, og éin livsvarig medlem i Songlaget, Vera Madsø.

Dirigent

Knut Kristian Mohn var den faste dirigenten for koret i heile meldingsåret. Koristane og styret er svært nøgde med den musikalske utviklinga for koret under leiinga hans, og generelt framifrå samarbeid gjennom heile meldingsåret. Då vi deltok på NM i kor i Trondheim leia han oss med stødig hand gjennom konkurransen og var med på å gjere det til ei positiv oppleving for koret.

Styret

Årsmøtet 2.3.23 valde dette styret:

Leiar; Karianne Johansen, attval for eitt år

Nestleiar: Ole Johan Hildre, ikkje på val

Kasserar: Janne Elèn Bjørlo, attval for to år. Slutta i koret januar 2024

Skrivar: Marit Buset, attval for to år

Styremedlem: Synnøve Berstad, ikkje på val

Varamedlem: Angeliki Zisi, attval for eitt år

Varamedlem: Bård Winther, ny

Varamedlem: Vidar Lund, attval for eitt år. Gjekk ut av styret før hausten.

Styret konstituerte seg på fyrste styremøte etter årsmøtet 16.3.23

Det har vore 10 vanlege styremøte i meldingsåret. I tillegg til noko kommunikasjon på messenger/e-post mellom møta.

Styret har samarbeidd nært og hatt god kjemi og dialog i meldingsåret.

Generelt styrearbeid

Det var eit innhaldsrikt og aktivt år for koret i 2023. Pandemi-åra har verkeleg blitt historie. Meir aktivitet betyr meir arbeid for styret, og mykje som skal avklarast og organiserast. Særleg hausten var innhaldsrikt, og blei litt i overkant både for styret og koristane. Men koret er godt organisert i form av nemnder som avlaster styret mykje, og koristane har vore strålande positive heile året.

Den positive trenden med nye medlemmar har halde fram i 2023, og vi har fått mange nye, og også yngre vaksne inn i koret. Så koret er inne i eit generasjonsskifte som vi håper vil vare i åra som kjem. Mange av koristane rekrutterer folk dei kjenner til koret, og vi fekk eit positivt resultat av opne øvingar i starten av vår- og haustsemesteret. Vi har framleis litt for få herrestemmer i koret, så vi må jobbe på vidare her.

I 2023 hadde vi to eigne konsertar: våren/sommaren «Nordiske tonar» og julekonserten «Med jula i hjartet». Begge var vellukka, og godt besøkt. Særleg julekonserten ble ei stor oppleving både for publikum og koristar. Koret har blitt betre musikalsk, og satsinga på betre konsertar har gitt resultat.

I oktober deltok koret i NM Kor i Trondheim. Her deltok vi i Blanda kor klasse A, og fekk 2. plass i denne gruppa! Heile turen og opplevinga med det gode resultatet var eit stort løft for koret, både sosialt og musikalsk.

Medlemsmøte

- 1) Det vart halde medlemsmøte 19.1.23
 - a) Saker:
 - i) Informasjon om NM, påmelding, klasse etc
 - ii) Dugnad/oppdrag - kom forslag til kva/kor vi skal søke/kontakte for moglege oppdrag
 - iii) Repertoar og spørsmål om innøving av store verk
 - iv) Evaluering av julekonserten 2022

Aktivitet

Seminar

- 11.-12. Mars 2023: Vårseminar i Nynorskens hus
16.-17. september 2023: Haustseminar i Nynorskens hus

Konsertar og oppdrag

6. mai 2023 – Songoppdrag - Glassmagasinet
17. mai 2023 – Brusteinsballet – Universitetsplassen
1. juni 2023 – Konsert på Diakonveien omsorg+
11. juni 2023 – Sommarkonsert – Nynorskens hus
7. oktober 2023 – NM for kor – Olavshallen, Trondheim
18. oktober 2023 – Song i bryllaupet til Catrin – Hotel Bristol
18. Oktober 2023 – Bygdelagssamskipnaden 100 år - Det Norske Teatret
30. November 2023 – Konsert på Diakonveien omsorg+
9. desember 2023 – Julekonsert – Sagene kyrkje

NM for kor

Songlaget deltok på NM for kor som vart arrangert i Trondheim 5. -8. Oktober. Mange av koristane tok tog opp i lag og det vart ei sosial og triveleg helg. Vi deltok i klassa blandakor A, der vi kom på 2.plass med 82,67 poeng. Vi framførte *Astri mi Astri*, *Bruremarsj frå Valsøyfjord* og *Gamle Norig* i Store sal i Olavshallen. Vi er særst nógde med innsatsen og resultatet. Dommerkommentaren om "Lovely basses" blei godt motteke.



7. oktober 2023 – På scenen, Trondheim. Foto: Jorid Vorum



17. mai 2023 – kor står fast på aulatrappa. Foto: Torunn Hernes Bjerkem



18. oktober 2023 – Bygdelagssamskipnaden 100 år - Det Norske Teatret – Dirigent Knut Kristian Mohn. Foto: Runhild Heggem



11. juni 2023 – Klar for sommarkonsert - Utanfor Nynorskens hus. Foto: Peetu Karjalainen



«Nordiske tonar» : Arrangement til sommarkonsert på Facebook. Originalt maleri laga av Torgeir Solstad (Blestnemnda)



9. desember 2023 – «Med jula i hjartet» julekonsert i Sagene kyrkje.
Foto: Thor Hauknes

JULEKONSERT MED SONGLAGET I BUL

DIRIGENT
KNUT KRISTIAN MOHN

Med jula i hjartet



Songlaget i Bondeungdomslaget i Oslo inviterer
LAURDAG 9. DESEMBER kl. 17:00
Sagene kyrkje

piano/orgel: Vegar Sandholt
paukar/slagverk: Arild Bjørkelo
fiolin: Sarah-Erin Bye & Lotte Hellstrøm Hestad
cello: Randi Vorum
trompet/flygelhorn: Kristina Kosberg & Trond Olav Ruistuen

Billettssal hos TicketCo

Oslo Aktivetsmidler
FOR KOR

Plakat til julekonsert laga av Angeliki Zisi (Blestnemnda)

Generelt om arbeidet i nemndene

Programnemnda

I programnemnda har vi dette året vore to sopranar, ein alt og ein tenor.

Tema på sumarkonserten i Teatersalen 11.juni var Nordiske Tonar. Førebuingane til den konserten starta allereie hausten 2022 med to møter i november og desember. Førebels repertoar til denne konserten blei lagt av dirigent 22.desember 2022. Vi hadde finsk, dansk, svensk, færøysk, islandsk, norsk og samisk musikk.

Gjennom våren hadde vi kontinuerleg kontakt på Facebook-gruppa vår og på øvingane, program til 17.mai og NM for kor i Trondheim oktober 2023. Program til NM blei bestemt i mars. 6. juni hadde vi møte der repertoar til julekonserten i Sagene kyrke sto på programmet. 12.juni kom eit førebels program frå dirigenten.

2024 er jubileumsår for Songlaget og 15. november hadde programnemnda og jubileumsnemnda eit felles møte for å lage planer for året. 5. januar 2024 hadde vi i programnemnda og dirigent eit møte for å sette program for jubileumskonserten i Universitetets Aula 6. desember. Griegs 4 salmer og nokre av dei songane som er tileigna Songlaget i BUL er sett opp. Det er høve til å små endringar utover semesteret.

Vi har sett opp basisrepertoar vi kan ta fram til ulike oppdrag. Vi har besøkt Norsk Musikkforlag i Konowsgate to gonger.

Det har vore eit godt samarbeid i nemnda med gode diskusjonar. Som tidlegare har det vore eit særskilt godt samarbeid med dirigent.

Ragna Betten

Noteforvaltar

I 2023 har det blitt kjøpt inn mange nye notar til både sommarkonserten og NM.

Anna Tori Aas Bjerkestrand

Målnemnda

Me er ei lita nemnd som etter fattig evne hjelper til med språkvask og omsetjing til nynorsk når styret bed oss om det. Me har hatt nokre oppdrag i 2023. M.a. har me arbeidd med årsmeldinga og plakaten til julekonserten. Og me tek gjerne imot fleire oppdrag i 2024.

Olav-Johan Øye og Håvard Tangen

Blestnemnda

Den største endringa i nemnda dette året har vore at vi vart 3 personar. Dette har gjort arbeidsmengda mindre på kva enkelt, og det har generelt vore meir triveleg i Blest. Vi har gjort meir på sosiale medium jamt gjennom heile året enn tidlegare. Dette har slik vore eit løft for Songlaget.

Sosiale media

Rekruttering har hatt sterkt fokus også i Blest dei siste åra. Slik også i 2023. Og det har gjeve resultat. Noko kan vere synleggjering på sosiale medium. Men, det er tydeleg at det skal mykje meir arbeid til for at auken i folk som følgjer oss på sosiale medium skal monne. Det er så vidt litt auke i folk som følgjer Songlaget på dei to plattformene vi brukar. 20 nye følgjarar på Instagram (180 følgjer totalt).
45

nye på Facebook (535 følgjer totalt) Vi ser at det er ein del som likar historier som leggst ut impulsivt frå øvingar og anna. Truleg er det meir regelmessige postar og at desse er meir engasjerande, som kan

være med til å auke mengda av «trufaste» følgjarar.

Annonsering

I tillegg til å legge ut postar på Facebook og Instagram (organisk marknadsføring) har vi brukt pengar for å annonsere konsertane våre på Facebook. Til sommarkonserten brukte vi rundt 2000 kroner på dette. Over 17.000 var innom sida. Konserten vart godt fylt opp. Til julekonserten gjekk annonseringa ikkje slik den skulle. Dette er truleg grunna noko teknisk med pixel og oppsett inne i annonsesenteret til Meta. Ingen i nemnda er særleg gode på dette, og vi er ikkje kjende med om BUL har eigen annonsekonto. Frå BUL si side er det ikkje lagt opp til at laga skal drive med annonsering, slik det ser ut no. Dette kan være eitt av temaa som vert tatt vidare til lagskontor og BUL sentralt.

Heimesida

Blestnemnda var mot slutten av året med på kurs i BLS der mellom anna bruken av heimesidene var eit tema. Der fekk vi nyttig opplæring, slik at vi no har von om at arbeidet med å oppdatere skal gå lettare og fortare framover. Her kan nemnast at nemnda har ynskje om nokre endringar i menylista. Dialog om dette med styret.

Spotify er det inga endring på sidan i fjor. Nytt av året er at det ligg lenke til Spotify på heimesida vår.

Ymist

Eit tema som lenge har vore på ynskjelista er dette året gjennomført - Fotografering av koret. På seminaret i september vart det lagt inn fotografering. Thor Hauknes, «Kulturfotografen». Ynskjet var å vise Songlaget i det urbane Oslo. Han vart også hyra inn til julekonserten. I tillegg fekk vi tatt bilete på NM i Trondheim. Alt dette er bilete til bruk på sosiale medium og til heimesida. Bileta skal leggst inn i Dropbox. Når det gjeld bilete og personvern har blest og styret tidlegare hatt om å utarbeide eit skjema som lett gav dei nye innsikt i kva plattformer vi bruker i Songlaget for deling, marknadsføring og informasjon. Og også om vedkommande godkjenner å vere med på bilete som vert delt. Dette er noko nemnda spelar inn til styret. Til 17.mai arrangementet på Universitetsplassen vart det i år laga setlar for å dele ut til publikum for å reklamere for sommarkonserten. Det er ikkje noko vi meiner er verd alt arbeidet. Noko anna kan vere å bruke slike setlar til utdeling i eit arrangement innandørs der ein kort kan presentera innhald. Eller ved ei framføring av Songlaget. Når det gjeld utgifter nemnda har hatt i 2023, er styret kjend med dette og legg fram tal.

Til slutt – framover

Slik vi forstår oppdraget til Blestnemnda er det å, på ulikt vis, holde oppe interessa for Songlaget gjennom heile året, slik at det er jamt tilsig av nye songarar og publikum på konsertar. Og også at vi kan få betalte oppdrag. Dette vil også hjelpe på at medlemmane synest det er stas å være i koret. Ein god dialog rundt rekruttering og planar for når dette skal skje, samt arrangement har vore viktig dette året. I 2023, som åra før, har nemnda kjent på at det vil gjere det lettare å legge plan for det arbeidet vi er sett til å gjere for laget, om blestnemnda kjem tidlegare med i planen rundt både konsertar, oppdrag og rekruttering. Vi har tatt dette opp med styret og dialog er i gang. Ved årskiftet har Blest starta opp eit arbeid med å fornye og forbetre strukturane og planer for korleis nemnda best kan arbeide. Arbeider her ut i frå den handboka som ligg for nemndene. Dette er og eit arbeid vi ser fram til å gjere i lag med styret og eventuelt dei andre nemndene i Songlaget.

På vegne av Blestnemnda

Kikki Aardalsbakke

Festnemnda

Festnemnda gjennomførte eit større arrangement i 2023, nemleg årsfesten den 24.mars. Etter to års tørke på festfronten under covid, var det stor oppslutning om arrangementet. Nemnda valde derfor å leige velhuset til Sogn Kolonihage, som hadde god plass til alle dei ca 45 påmelde. Lokalet blei pynta med vårblomar og nordiske flagg i tråd med temaet for sommarkonserten dette semesteret.

På menyen stod tradisjonelt kaldtbord, og det blei halde fleire planlagde og spontane talar til glede for forsamlinga. To av tenorane sørgde for morosamt kulturelt innslag, og det blei også allsong utover kvelden. Styreleiar sørgde også for å heidre både nye og gamle medlemmar med ulike årsmerke. Veldig stas med mange nykommarar, men den største applausen fekk Gunvor og Erik som blei tildelte 40-årsmerke.

Festnemnda vil takke alle medlemmar av Songlaget som bidrog med god dugnadsånd både i planlegging, pynting og til slutt opprydding og vask. Ein ekstra takk til Gunvor som hjalp oss med lokale, og til Nils Normann som sørgde for vårleg bordekkning! Vi håper det blir like bra oppslutning og engasjement rundt årfesten i jubileumsåret 2024!

For festnemnda, Catrin Hansen

Valnemnda

Vi starta opp arbeidet i januar og hadde eit godt og konstruktivt samarbeid. Koret har i tillegg til styret mange nemnder som skal fyllast opp. Det var ei grei oppgåve å finna folk til alle tillitsverva ut frå medlemstalet i Songlaget. Vi fekk levert ei forsvarleg innstilling på årsmøtet, endå om ho ikkje var heilt komplett.

For nemnda, Nils Norman Iversen

Repertoar våren 2023

Tittel	Komponist/arrangør	Tekstforfatter
Astri mi Astri	Trad- Knut Nysted	Norsk folkevise
Finlandia	J. Sibelius	Veikko Antero Koskenniemi
Morgensang af Eleverskud	Niels W. Gade	B. S. Ingemann
Njokte vokal nord	Frode Fjellheim	Basert på sydsamisk joik
Ny`ggårssangur	Nodjårssangor	Ukjent / ikke opplyst
Polska från Råttvik	Anders Ôhrwall	
Påls fuge	Sigvald Tveit	
Sofdu unga ástin min	Johann Sigur Jonsson	
Sommarpsalm	Waldemar Áhlén	
Svantes lykkelige dag	Benny Andersen / Søren Birch	Benny Andersen
Masurka	Trad / Andrew Smith	Geirr Lystrup
Tidin rennur sum streymur	Jogvan Waagstein / Knut Olsen	Fridrikur

Repertoar hausten 2023

Tittel	Komponist/arrangør	Tekstforfatter
O come all ye faithful	Ukjent komponist / D. Wilcocks	Trad / ukjent
Gamal Maria-vise	Folketone frå Thûringen	Nynorsk tekst Vidar Kristensen
Kling no klokka	Trad / Elias Blix	Oversatt Peter Hognestad
Det hev ei rose sprunge	Trad tysk / M. Praetorius	
Eg synger julekvad	J. Klug	Til nynorsk Bernt Støylen
Sjå tusen julelys blir kveikt	Emmy Kôhler/Per inge Almås	Emmy Kôhler/Lars Sôraas d.e.
Wie soll ich dich empfangen (no 5 Choral)	J.S. Bach	J.S. Bach
Hvad est du dog skjøn	Edvard Grieg	H.A. Brorson
A Hymn to the Virgin	Benjamin Britten	Benjamin Britten
I denne søte juletid	Folketone fra Rauland / Sigvald	H.A. Brorson
Mitt hjerte alltid vanker	Folketone fra Todalen / Sigvald Tveit	H.A. Brorson
The Snow	Edward Elgar	C.Alice Elgar
Eit barn er født i Betlehem	Trad / Ørjan Matre	
Fager er jordi (Deilig er jorden)	Schlesisk folketone / Terje Kvem	Nynorsk Gunnar Torgeirsson Rysstad

Utdeling av årsmerke og årsmarkering – frå 2020-2023

Eitt-årsmerke – Songlaget

Janne Elèn Bjørlo

Helene Ystanes Føyn

Catrin Hansen

Nina Haug Johansen

Vilja Helle Bøyum

Ulrikke Lien

Phil Loring

Sara-Elisabeth Smith-Ånesland

Torgeir Solstad

Angeliki Zisi

Synnøve Berstad

Marit Buset

Elisabeth Hagen

Jorunn Ulvestad

10-års-merke – Songlaget

Anna Tori Aas Bjerkestrand

25-års-merke – Norges Korforbund

Kari Rysst Seeman

Åsta Bjerkestrand

40-års – markering – akvarell av Torgeir Solstad

Erik Kokkin

Gunvor Skiftun

Oslo, 29.2.24

Karianne Johansen Ole Johan Hildre Synnøve Berstad

Marit Buset Angeliki Zisi Bård Winther Knudsen

Årsmelding 2023

1. Tillitsvalde i 2023

1.1 Styre

Etter årsmøtet i Teaterlaget i 2023 satt desse i styret:

Leiar: Endre Flatmo

Styremedlem: Lena Reksnes Sanne

Styremedlem: Silje Dahl

Styremedlem: Heidrun Sølva Øverby

Styremedlem: Håvard Thorsby

Varamedlem: Sunniva Vikøren

Varamedlem: Heidi G. Einarsrud

1.2 Valnemnd

Margrethe Kollerud Overskott, Vivian Brattsti Sørensen og Kjell Åsmund Sunde satt i valnemnda fram til årsmøtet i 2024.

1.3 Styrearbeid

Styret har hatt regelmessige møte i 2023, i tillegg til elektronisk kontakt. Styrearbeidet har stort sett vore knytt til dei pågåande og kommande produksjonane, i tillegg til økonomisk og generell drift av Teaterlaget. Ein anna viktig del av arbeidet har vore å vere eit kommunikasjonsledd mellom instruktør og resten av Teaterlaget, og mellom lagskontoret og Teaterlaget. I 2023 har styret også jobba med å ferdigstille nytt kostymelager.

2. Teaterlaget

2.1 Medlemstal og medlemskap

På slutten av 2023 hadde Teaterlaget 24 medlemmar.

2.2 Teaterlaget sin visjon

Teaterlaget skal vere eit leiande, nynorskspråkleg amatørteaterlag i Oslo som er opent for alle, uavhengig av bakgrunn og erfaring.

2.3 Økonomi

Økonomien er i hovudsak knytt til Teaterlaget sine to årlege produksjonar. Produksjonane og den generelle drifta av Teaterlaget er finansiert av særlagsstønad frå Bondeungdomslaget i Oslo, medlemspengar, billettinntekter og ekstern stønad.

Økonomien i laget er god. Stønad frå Kulturdirektoratet si tilskotsordning for amatørteater har vore viktig dei siste åra.

2023 er det fyrste rekneskapsåret sidan 2017 laget går i minus. Dette har styret vore bevisst på og medfører inga økonomisk risiko for laget. Underskottet skyldast i hovudsak ei planlagt investering i inventar til nytt kostymelager, bidrag til innkjøp av stillas og ei lønnsutbetaling som ikkje blei med på rekneskapsåret 2022. I tillegg har styret justert standardhonorara til instruktørar i tråd med prisveksten i samfunnet.

Det økonomiske målet for produksjonane skal vere å gå i balanse. Eventuelt overskot eller underskot blir overført/dekt av eigenkapitalen.

3. Aktivitet i 2023

Teaterlaget sin aktivitet i 2023 bestod av to produksjonar og det sceniske og praktiske arbeidet rundt desse.

3.1. Så var det ingen fleire

Regi: Håvard Thorsby

Manus: Agatha Christie

Premiere: 27.05 (x2)

Framsyningar: 28.05, 29.05 (x2), 31.05, 01.06 og 02.06.

Omsetjar: Guri Paulsen

Omsetting til nynorsk: Terje Svindseth, Marie Nicolaisen, Henri Aasen og Kjell Åsmund Sunde
Lys og lyd: Jøran Normann, Håvard Thorsby, Henri Aasen og Endre Flatmo

Tal på besøkande: 207

«Så var det ingen fleire» er ei av Agatha Christie sine mest kjende historier. Vi møter ti personar som er invitert av eit ukjent vertskap til ei aude øy. Ein etter ein blir dei på mystisk vis myrda etter same mønster som eit gammalt barnerim. Panikken er komplett når dei kjem til den grufulle anerkjenninga: Mordaren må være ein av dei.

Framsyninga hadde gode publikumstal og fekk gode tilbakemeldingar frå publikum.

Framsyninga blei spelt av to sett.

Skodespelarar:

Sett 1

Thomas Rogers: Endre Flatmo

Frida Narracot: Vivian Brattsti Sørensen

Ethel Rogers: Margrethe Kollerud Overskott

Vera Claythorne: Sunniva Vikøren

Philip Lombard: Fredrik Elfstrand

Anthony Marston: Ammar Banewais

William Blore: Kjell Åsmund Sunde

General John Makenzie: Terje Svindseth

Emily Brent: Amalie Dalaker

Dommar Lawrence Wargrave: Emil Stenstad

Dr. Edwina Armstrong: Nora Schrøder

Sett 2

Theodora Rogers: Lena Reksnes Sanne

Fred Narracot: Emil Stenstad

Ethel Rogers: Anne Cathrine Johansen

Vera Claythorne: Silje Dahl

Philip Lombard: Fredrik Elfstrand

Anthonia Marston: Tanja Stenberg

William Blore: Kjell Åsmund Sunde

General John Makenzie: Terje Svindseth

Emily Brent: Kari Aniksdal

Dommar Lauren Wargrave: Vivian Brattsti Sørensen

Dr. Edwina Armstrong: Eileen Røsholt

3.2 *Samson & Roberto*

Regi: Julie Ibenfeldt Lindvik

Av: Ingvar Ambjørnsen

Musikk av: Andreas Lyngstad

Dramatisert av: Axel Hellstenius

Premiere: 02.12

Framsyingar: 03.12, 04.12, 06.12 og 08.12.

Omsetting til nynorsk: Kjell Åsmund Sunde og Terje Svindseth

Lys og lyd: Jøran Normann, Fredrik Elfstrand, Julie Ibenfeldt Lindvik og Terje Svindseth

Tal på besøkande: 142

Samson, ein engsteleg og svolten hund, og Roberto, ein optimistisk og oppfinnsam katt, bur saman på søppeldynga. Dei har verken mat eller pengar, men dei har kvarandre. Ein dag kjem det eit brev som fortel at Samson har arva eit forfalle pensjonat – og 14 kroner og 50 øre. Brått opnar ei verd av moglegheiter seg. Men kan dei eigentleg noko om pensjonatdrift? Kva skjer når skatteetaten blandar seg? Kva skal dei servere gjestane? Og kjem dei i mål med pensjonatet før det verdsberømte punkebandet Krakilske Kameratar kjem? Heldigvis dukkar det opp både gode hjelparar og gjestar, og dei har alle sin måte å *kremt* hjelpe til på.

Stykket er basert på Ingvar Ambjørnsen sine populære barnebøker. Samson og Roberto er ei varm forteljing om viktigheita av venskap og samhald – med masse kjærleik, galskap og humor. Og pærebrus. Masse pærebrus.

«Samson & Roberto» blei ei annleis og energisk framsyning som trefte både ung og gamal.

Med dyr i alle rollar blei det også ei ny oppleving for skodespelarane.

I forarbeidet til produksjonen blei også manus endra, med manusforfattaranes godkjenning, med to nye rollar inspirert av karakterar i bøkene til Ambjørnsen. Laget fekk også noko av musikken til stykket nyinnspilt av komponisten, Andreas Lyngstad.

Skodespelarar:

SAMSON, ein hund: Vivian Brattsti Sørensen

ROBERTO, ein katt: Håvard Thorsby

VON STRUTS, ein stork: Sunniva Vikøren

POSTGRISEN, ein gris: Eileen Røsholt

MARIO, ein italiensk bever: Amalie Dalaker

GRETA, ein grevling: Silje Dahl

PER PLAGE, ein måleorm: Ammar Banewais

OLLIE, ein polsk oter: Endre Flatmo

GREGOR, ein skotsk moldvarp, poet: Emil Stenstad

FRØKEN KRILLEBERG ein hissig kalkun: Anne Cathrine Johansen

BENNY ei rotte, journalist: Terje Svindseth

TEDDY ein fotograf: Eileen Røsholt

KILLVILL ei kråke, trommeslagar: Endre Flatmo

KRIZ ei kråke, gitarist: Ammar Banewais

GLENDIA KENNY(GK) ei kråke, vokalist: Eileen Røsholt

3.3 Annan aktivitet

- Nyttårsbord for medlemmar 21. januar
- Teaterlaget gjennomførte årsmøte 27. februar
- Teaterlaget deltok i og kom på fjortande plass i Noregs Ungdomslag si kunnskapstevling «Kven veit?»
- Fleire medlemmar vitja Edinburgh Fringe Festival i august
- Medlemmar frå Teaterlaget deltok på felles dugnad med dei andre laga i BUL 23. august
 - Teaterlaget deltok i markeringa av BLS sitt 100-årsjubileum. På festforestillinga 28. oktober på hovudscenen på Det Norske Teatret bidrog Teaterlaget med eit innslag bestående av ei tolking av diktet «Å vera i livet» av Haldis Moren Vesaas.
- Det nye kostymelagaret har fått inventar

4. Representasjonar og andre verv

4.1 Representasjonar

22. mars, Årsmøte i BUL Oslo: Endre Flatmo og Håvard Thorsby.

28.-30. april, Landsmøtet i Noregs Ungdomslag: Vivian Brattsti Sørensen

30. april, Årsmøte i Det Norske Teatret: Endre Flatmo (røystande utsending), Silje Dahl, Håvard Thorsby og Lena Reksnes Sanne deltok som utsendingar for Teaterlaget. Vivian Brattsti Sørensen var røystande utsending for hovudlaget.

4.2 Andre verv

- Terje Svindseth: Leiar i Bondeungdomslaget i Oslo og organisatorisk nestleiar i NU. Medlem av målpolitisk råd på Det Norske Teatret.
- Anne Cathrine Johansen: Nestleiar i BUL Oslo, medlem av bunadnemnda, styremedlem i bondehytta og rådsleiar i Norsk Barneblad.
 - Marie Nicolaisen: Medlem av målnemnda og 3. vara i målpolitisk råd på Det Norske Teatret.
- Endre Flatmo: Valnemnda i BUL Oslo
- Kari Aniksdal: 1. varamedlem til Rådet, BUL Oslo
- Vivian Brattsti Sørensen: 2. varamedlem til Rådet, BUL Oslo
 - Maria Ellingsen Austbø: 4. varamedlem i målpolitisk råd på Det Norske Teatret.
- Mari Elise Haugen: varamedlem til styret i Norsk Barneblad.

5. Takk

Teaterlaget ønsker å takke for eit godt samarbeid med Lagskontoret, og for all god hjelp. Takk til Studieforbundet Kultur og Tradisjon, Kulturdirektoratet og BUL Oslo for stønad til aktiviteten i 2023.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet tek årsmeldinga til orientering.

Vedtak:

Årsmøtet tok årsmeldinga til orientering.

Årsmelding for målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo 2023

På årsmøtet i Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) våren 2023 vart Håvard Tangen, Marie Nicolaisen og Olav-Johan Øye valde inn i målnemnda til laget.

Arbeidet har først og fremst vore knytt til laget sine aktivitetar og samarbeidspartnarar. Vi samarbeider med andre lag og organisasjonar om ulike tiltak i Oslo, blant andre Fylkesmålslaget Vikværingen.

Vi skulle gjerne hatt fleire med i nemnda, og fleire medspelarar i laget og forretningane, og dermed fått gjort meir. Men vi har møtt mykje velvilje for målarbeidet og for nynorsken.

Målbruken i laget

Nynorsk vert i stor grad brukt på ein god måte på nettsidene og Facebook-sidene til Bondeungdomslaget, Songlaget, Teaterlaget, Leikarringen og Nynorskens hus. Dette er av verdi for å ta vare på det nynorske språket i laget, og har noko å seie for å gjere nynorsken synleg i kulturarbeid i Oslo.

Målnemnda oppmodar særlega om å bruke nynorske tekster når stykke og repertoar vert valt, og i kommunikasjon elles.

Målnemnda sitt arbeid for laget

Vi minner om at målnemnda kan vere til hjelp når det gjeld praktisk rådgjeving i laget. Vi kan tilby kurs når vi veit at vi kan få nok deltakarar etter å ha gjort konkrete avtalar med særslag og styre.

Målnemnda hjelper meir enn gjerne til med å rette og setje om dokument frå bokmål til nynorsk.

Målnemnda har i 2023 hjulpet einskildpersonar og lag som har ynskt hjelp til omsetjing til nynorsk eller korrektur

Vi ser fram til å høyra frå andre som søker hjelp til å få betra nynorsken sin.

Målbruken i forretningane

Vi er glade for at Hotell Bondeheimen og Kaffistova sluttar opp om nynorsken. Det ser no ut til å vere ein del av profilen, og lite kontroversielt.

Tilskippingar og tiltak

Nynorsk kurs

Det har diverre ikkje vorte halde kurs i 2023. Dei som vart spurde om å undervise, har takka nei. Vi er òg noko uvisse på kor stor interessa for slike kurs er i organisasjonen.

Norsk målstemna

Vi har gjeve tilskot til Norsk målstemna som vart halden 23. og 24. september 2023. Målnemnda var medtilskipar saman med Høgnorskningen og Norsk Måldyrkingslag. Stemna gjekk føre seg på Litteraturhuset i Oslo på laurdagen.

Programmet i år handla om rettskriving i nynorsk, og det var innleiingar ved Håkon Ambrosius Remøy, tilsett i Det Norske Samlaget, som tala om Indrebø-Bibelen og målbruken der, og dessutan ved målkonsulent Thorgeir Holm om uttrykket "me sjåast" og meiningsbryting om 2012-norma ved Daniel Gusfre Ims frå Språkrådet og Sergej Alexander Munkvold frå Ivar Aasen-sambandet.

Sundagen flytte stemnelyden seg til garden Ljøgot vest for Jessheim i Ullensaker kommune på Romerike. Der ligg den største gravhaugen i Norderlanda, Raknehaugen. Grunneigar og bygdehistorikar Mads Ljøgot tala om gravhaugen og alle sogene som knyter seg til han, og alt vart fortalt på ekte romeriksmål slik som det vart tala av bygdefolk for rundt seksti år sidan. Etter omvisinga bar det inn til bordsete og servering av sodd og kake. Praten gjekk livleg kringom borda.

Nynorsk inspirasjonsdag

Målnemnda har ytt tilskot til Nynorsk inspirasjonsdag 1. november 2023 på Det Norske Teatret. Dette var eit samarbeid mellom Bærum Mållag, Oslo mållag og Noregs Lærarmållag. Dei andre tilskota kom frå Noregs Mållag, Bergesenstiftelsen, fylkesmållaget og lokallaga.

På programmet stod Åse Wetås (Språkrådet), Eivor Vindenes (Lesar søker bok), Brynjulf Jung Tjønn (forfattar), Kristin Eriksen (forfattar), Ingvild Bryn (NRK), Jeaninne Masika Harrysson og Shwad Wahed (Den Mangfaldige Scenen) og konferansier Inger Johanne Sæterbakk (Det Norske Teatret og Noregs Mållag). Om lag hundre frammøtte lærarar, i hovudsaka frå Oslo og Akershus.

Verv

Medlemmene i målnemnda har i 2023 hatt verv i målrørsla, Olav-Johan Øye som styremedlem i Bondeungdomslaget i Oslo, og Håvard Tangen som varamedlem i Fylkesmållaget Vikværingen.

Visjon

Målnemnda ønskjer å ta vare på den nynorske delen av kulturarven, og vil arbeide for å gje rom til nynorsk i Oslo og gjere det lettare å vere nynorskbrukar i hovudstaden. Vi ønskjer at det vert fleire nynorskbrukarar i Oslo.

Vi vil motivere til god nynorsk i Bondeungdomslaget sine forretningar og lagsarbeid, og samarbeide med nærskylde organisasjonar om nynorsk kulturarbeid.

For målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo

Olav-Johan Øye

6. mars 2024

Årsmelding for Bondehytta 2023



2023 var året då skulane i Nittedal oppdaga at Bondehytta kunne leigast.

Hytta vart leigd ut 15 gonger, 12 av dei til skuleklassar.

Vi fekk til 3 dugnader. Det var nedre del av langveggene som trengte ny maling, men vi snekra litt også. Meir utleige betyr meir slitasje, så ein av benkane på verandaen måtte reparerast.

Vi hadde to møte utanom dugnader, elles har vi hatt planlegging på telefon og e-post.

Vi har deltatt på årsmøte og vegdugnad i Ørfiske Vel.

Internt bruk: Hytta var i bruk i påska, og Leikarringen skulle vore der ein søndag, men då gjekk det ikkje nokon tog, så dei fekk flytt arrangementet til Røkleivhytta. Vi i hyttestyret har hatt ein del turar.

På hausten laga vi nye priser overnatting/utleige: (For første gong på over 20 år.)

Pris pr. overnatting pr. person:

Medlemmer kr. 50

Ikkje medlemmer kr. 100

Barn kr. 25

Leige: 1500,- pr. overnatting kvardagar

Helgeleie: 3000,- fredag til søndag (uansett éin eller to overnattingar).

Fotskatt (dagstur) 10,-

Vi kjøpte inn 2 sikkerhetsseleer for jobbing på tak og eventuelt i høge stiger. Det vi har sakna fleire gonger.

På årsfesten til Leikarringen fekk Anne Cathrine Johansen, Klas Ekeland og Rune Bergwitz, Leikarringens heidersmerket for lang og tru teneste for BUL - Bondeungdomslaget i Oslo og for Leikarringen. Alle tre har vore med i hyttestyret for Bondehytta i over 20 år.

For å kunne halde hytta ved like framover er vi avhengige av at folk vil stille på dugnadar, og hyttestyret vil bli flinkare til å kalle inn til dette i god tid.

Styret har i 2023 hatt desse medlemene: Rune Bergwitz (leiar)
Anne Cathrine Johansen
Klas Ekeland
Albert Lombardo
Hanna Løken



Røkleivhytta Årsmelding 2023

Hyttestyret

Styret har vore samansett av Ashwin Reddy (p.t. permisjon), Sveinung Helgheim, Olaf Almenningen, Leif Halvard Silli og Tormod Bønes (leiar).

Utleigeaktiviteten

Hytta har i 2023

– vore utleigd 33 døgn (- 8%)

– hatt 415 gjester (- 6 %)

– med totalt 677 gjestedøgn (- 4 %).

For andre året på rad er dette noko lågare enn det ein kunne forventa etter at pandemien er over. Gjestene som har brukt hytta i 2023 har vore eksemplariske med god opprydding etter seg, utan skadeverk eller større slitasje. Hyttesstyret har gjennomført synfaring etter kvart besøk.

Oppgradering

Når det gjeld større investeringar på hytta, skal det først og fremst nemnast at det i 2023 blei lagt nytt tak på uthuset (byggmeister Bjerke). Takmaterialet er overflatebehandla stål.

I 2022 blei det som kjent installert innetoalett. Etter kvart viste det seg pumpekapasiten vart for liten og gamlepumpa havarerte deretter. Ny pumpe blei installert av same firma som leverte toalettet. Av nytt utstyr til hytta kan nemnast elektrisk motorsag og nytt kjøkenutstyr.

Drift

Moderne tekniske installasjonar er vanlegvis ei stor lette ved bruk av hytta. Men også i 2023 svikta fjernkontrollen for det elektriske anlegget ei rekkje gonger. Dette førde med seg at leverandør og montør var på hytta fleire gonger for å kontrollera anlegget.

Transport til hytta

Hyttestyret har også i 2023 hatt godt samarbeid med mannskapet i Wüllerløypa når det gjeld transport av tungt gods til hytta og ikkje minst bortkøyring av gammalt skrot frå hytta til Sørkedalen.

Dugnad

I mai hadde vi veddugnad saman med foreningen Ryggsekken. Veddugnaden er truleg den første på 25 år. Det var ei glede å kjøra tørr ved i uthuset seinhaustes. På hausten vart det halde dugnad med vask av både fellesrom og soveromma, skifting av madrassar, skifte av batteri til røykvarslarar og kontroll av brannsløkkeutstyret. Dessuten blei kloppa over Røkleivbekken sett i stand att.

Jubileum

Hyttestyret hadde planar om å markera at Røkleivhytta har passert 100 år (2021), men pandemien sette ein stoppar for det. Derimot feirar Bygdelagssamskipnaden i 2023 sitt 100-årsjubileum, og BUL var med på markeringa. Såleis opna vi Røkleivhytta 13. august for både medlemer og fotturistar elles. Trass i at det blei ein regnfull dag, blei det servert vaflar, kaffi og saft for relativt mange, og Olaf Almenningen fortalde frå hyttesoga.

Oslo, 6. mars 2024

Tormod Bønes

Leiar Hyttestyret

ÅRSMELDING 2023 FOR IDROTTLAGET I BUL

Styret i IL 2023

Leiar: Marius Frøvig Schneider

Nestleiar: Hilde Abelvik Osnes

Medlem/ungdomsrepresentant: Angelica Okparaebo

Medlem: Jill Signe Olsen

Medlem: Geir Sigmund Vaage

Varamedlem 1: Kenneth Baranyi Eriksen

Varamedlem 2: Edem Schaaning Agbo

Valnemnd: Svein Erik Strand Tønnesen og Kristoffer Nilsen

Kontrollnemnd: Håvard Torsteinson Hasås

Representasjon

Bislett Alliansen

Styret: Håvard Hasås (leiar), Anne Farseth (medlem) og Simon Steinshamn (ungdomsrepresentant)

Oslo Friidrettskrets

Styret: Hilde Osnes (nestleiar).

NFIF

Anne Farseth (president)

Lagsstyret i BUL

Ivan Kristoffer Nilsen (varamedlem)

Administrasjonen

Idrottslaget har, saman med resten av Bondeungdomslaget i Oslo, kontor i Rosenkrantz' Gate 8. Administrasjonen har bestått av Eirik Tanberg som dagleg leiar og Simen Wifstad som administrasjons- og arrangementsansvarleg.

Ved utgangen av 2023 utgjer administrasjonen i Idrottslaget 2 årsverk.

Økonomi

Idrottslaget hadde i 2023 ei omsetning på 8 855 043 kroner og eit overskot på 15 842 kroner. Budsjettet viste eit underskot på 792 917 kroner.

Rekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift.

Medlemsutvikling

IL i BUL hadde totalt 480 betalande medlemmer i 2023, ein auke frå 458 i 2022. Barnegruppene har, som tidlegare år, stor pågang med ventelister i dei fleste grupper. Ved årsskiftet 2023/2024 var det om lag 90 barn under 15 år på venteliste. Ventelista har gått ned frå om lag 120 ved årsskiftet 2022/2023. Årsaka til ventelista er plassmangel på Bislett Stadion vinterstid. Nye barn blir tatt inn fortløpande etter dialog med trenarane.

Strategi

IL i BUL har arbeidd godt med å utvikle yngre utøvarar frå eigen klubb. Klubben har store ungdomsgrupper, der både deltaking og prestasjonar i aldersbestemte meisterskap har vore stigande dei siste åra. I seniorklassen har klubben mange utøvarar som presterer godt, her spesielt på sprint for og mellom- og langdistanse for menn.

Klubben har i 2023 starta ein prosess med å utarbeide ein ny sportsleg plan for klubben for åra 2024-2028. Planen leggjast fram på årsmøtet 2024.

IL i BUL arbeider for å styrke Sentrumsløpet som arrangement og inntektskjelde. Klubben vil i tillegg halde andre arrangement som mellom anna friidrettskulen på Bislett Stadion og Julestemnet i Bærum Idrettspark. I 2024 arrangerer BUL, saman med SK Vidar, UM i friidrett på Bislett Stadion 30. 08-01.09.

ARRANGEMENT

NM innandørs

18. og 19. februar arrangerte klubben NM innandørs saman med IK Tjalve, SK Vidar og Oslo Friidrettskrets

ASICS Sentrumsløpet

Laurdag 22. april arrangerte klubben Sentrumsløpet for til saman 9 694 påmeldte deltakarar. Påmeldingstalet auka med over 40 prosent frå 2022. Me har dermed klart å snu trenden etter pandemien, og starta raskt opp med arbeidet for vidare vekst i 2024.

Bislett-Leikane

25. mai arrangerte BUL saman med Vidar Bislett-leikane på Bislett Stadion. Stemnet var primært for 6-12 år, med innlagt 800 meter for menn og kvinner senior.

Bislett Games

Oslo Bislett Games 2023 blei arrangert torsdag 15. juni. Bul bidrog med om lag 180 timar dugnad til arrangementet.

Friidrettsskulen

Klubben arrangerte friidrettsskule for barn på Bislett Stadion i veke 26, 27 og 32 med nesten 130 deltakarar, ein liten nedgang frå 2022.

Julestemne

Laurdag 25. november arrangerte klubben det tradisjonsrike Julestemnet i Bærum Idrettspark med god deltaking.

Trenarkurs

Åtte trenarar har gjennomført trenarkurset friidrett for barn i 2023. Ein har gjennomført trenar 1-kurs i 2023.

GRUPPEAKTIVITET 2023

Sportsleg utval

Styret i klubben har utnemnt eit sportsleg utval som er ansvarleg for det sportslege arbeidet i klubben. Ein stor del av arbeidet er knytt til disponeringa av dei sportslege budsjetta som blir bestemt på hausten. Her arbeider klubben for å sikre rettferdig fordeling av pengar mellom dei ulike utøvarane. Utvalet diskuterer både budsjett og innkomne saker gjennom året får å kunne ta best moglege avgjerder.

På styremøte i september 2023, vart det vedteke at sportsleg utval skal bestå av totalt fem medlemmer, derav to frå administrasjonen, to trenarar og ein utøvar. Styret skal finne en godt eigna trenar og utøvar til desse to ledige plassane.

Medlemmer i Sportsleg utval i 2023:

Eirik Tanberg, Simen Wifstad og Svein Erik Strand Tønnesen.

Friidrett

Dubai Marathon 12. februar 2023

Weldu Negash Gebretsadik løp 2:13:00 i Dubai Marathon. Dette er hans beste resultat på distansen sidan 2019-sesongen.

NM inne 18.-19. februar, Bærum Idrettspark

Lene Retzius vann gull i stav med resultatet 4,35. Stephan Skogheim Kyeremeh fekk bronse på 400 meter med tida 48,67. Ibrahim Buras fløyg inn til bronsemedalje på 3000 meter på tida 8,04,40. BUL tok bronsemedalje på 4x200 meter for menn med tida 1,28,36. På laget sprang Edem Agbo, Per Tinius Fremstad-Waldron, Stephan Skogheim Kyeremeh og Theodore Einar Fremstad-Waldron.

UM inne 3.-5. mars, Ulsteinvik

Thomas Biermann vann gull lengde i G16 med resultatet 13,19.

Nicolas Alexander Baranyi Eriksen fekk sølv på 60 meter hekk i menn U20 med tida 8,30.

Solveig Bustgård Gran vann gull på 400 meter i kvinner U23 med 57,94.

Akshathan Nadarajah vann gull i tresteg menn U23 med resultatet 11,57.

Christian Wright vann gull på 60 meter i G17 med tida 7,09.

Lilje Lopes Patey fekk bronse på 60 meter med tida 8,10.

Eirik Halfdansen-Aspen fekk sølv i kule med lengda 13,75.

Aurora Kristiansen Langbakk fekk bronse på 800 meter i J16 med tida 2,18,35.

Cathrine Grønbech fekk bronse på 800 meter i kvinner U20 med tida 2,28,76.

Akshathan Nadarajah fekk sølv i lengde menn U23 med resultatet 4,67.

Lilje Lopes Patey fekk sølv på 200 meter i J16 med tida 25,24.

Nicolas Alexander Baranyi Eriksen fekk bronse på 200 meter i menn U20 med tida 22,78.
Cathrine Grønbech fekk bronse på 1500 meter med tida 5,01,38.

BUL vann gull på 4x200 meter stafett i G15-17.
BUL fekk bronse på 4x200 meter stafett i kvinner U23.

Holmenkollstafetten 13. mai

Herrelaget vann klasse menn senior og rykte opp til eliteklassen. Kvinnelaget fekk plass i eliten og hadde som mål å behalda plassen. Det klarte dei med god margin, då dei vart nummer 8 etter sterk løping.

NM friidrett 6.-8. juli, Jessheim

Per Tinius Fremstad-Waldron vann gull på 100 meter for menn med ny pers 10,38.
Arianne Duarte Morais fekk sølv i spyd for kvinner med lengda 51,73.
Lene Retzius vann gull i stav med resultatet 4,36.
Kasper Sagen vann gull i spyd for menn med resultatet 73,32.

BUL fekk sølv på 1000 meter stafett for menn med tida 1,53,38. På laget sprang Sander Werge Nilsen, Per Tinius Fremstad-Waldron, Theodore Einar Fremstad-Waldron og Leon Samuel Douglas Mjaaland.

VM I friidrett 19.-27. August, Budapest

Lene Retzius hoppa sesongbeste i stavkvalifiseringa for kvinner med resultatet 4,60. Ho kvalifiserte seg akkurat ikkje til stavfinalen, og blei nummer 15 i VM.

NM junior 25.-27. august, Sandnes

Elizabeth Turk Pettersen fekk bronse i kule kvinner U23 med resultatet 11,48.
Christopher Nordlie fekk sølv på 100 meter menn U20 med tida 10,80.
Tobias Bang Gulbrandsen fekk sølv på 400 meter menn U20 med tida 49,27.
Thomas Biermann hoppa seg til bronse i tresteg menn U20 med lengda 13,19.
Christopher Nordlie vann gull på 200 meter i menn U20 med tida 21,58.
Ibrahim Buras vann gull på 1500 meter i menn U23 med tida 3,43,72.
Mari Roligheten Ruud løp inn til bronse på 300 meter i kvinner U23 med tida 9,41,19.

BUL fekk sølv på 1000 meter stafett i menn U20 med tida 1,58,21. På laget sprang Christian Wright, Christopher Nordlie, Zion Ramirez og Tobias Bang Gulbrandsen.

NM stafetter 2.-3. september, Stjørdal

BUL vann gull på 4x100 meter stafett i G15-16 med ny klubbrekord 43,20. På laget sprang Thomas Biermann, Elijah Ramirez, Christopher Nordlie og Zion Ramirez

BUL fekk sølv på 4x100 meter i menn U20 med tida 42,73. På laget sprang Christopher Nordlie, Christian Wright, Tobias Bang Gulbrandsen og Ariand Shegani.

UM 8.-10. September, Bergen

Christopher Nordlie vann gull på 100 meter i G16 med tida 10,78.
Christian Wright vann gull på 100 meter i G17 med tida 11,03.
Lilje Lopes Patey fekk sølv på 100 meter i J16 med tida 12,15.
Sigurd Smitt-Ingebretsen kasta seg til sølv i diskos G16 med resultatet 42,51.
Dorothy Ampong fekk bronse i lengde J18-19 med resultatet 5,10.
Jonas Rosholt fekk sølv på 300 meter hekk G16 med tida 39,93.
Thomas Biermann vann gull i tresteg G16 med lengda 13,40.
Lilje Lopes Patey vann gull på 200 meter i J16 med tida 25,00.
Sigurd Smitt-Ingebretsen kasta seg til gull i slegge G16 med resultatet 54,28

BUL fekk sølv på 1000 meter stafett i kvinner U20 med tida 2,18,72. På laget sprang Aurora Kristiansen Langbakk, Nora Jazz Werenskiold Proctor, Dorothy Mcmanus Ampong og Lilje Lopes Patey
BUL fekk gull på 1000 meter stafett i G15-16 med tida 1,59,18. På laget sprang Elijah Ramirez, Christopher Nordlie, Zion Ramirez og Jonas Rosholt.

NM terreng lang løype 8. oktober, Oslo

Tre deltakarar frå BUL. Ingen medaljar.

EM terrengløp 10. desember, Brussel

IL i BUL hadde to uttatte løparar i Mari Roligheten Ruud i kvinner U23 og Ibrahim Buras i menn U23. Mari blei nummer 26 og Ibrahim blei nummer 25.

Lagserien

IL i BUL blei nummer fire i årets lagserie for menn, berre sju poeng bak Norna Salhus på tredje plass. I 2022 blei klubben nummer sju. Både andre- og tredjelaget til BUL rykka opp frå 3. til 4. divisjon. Førstelaget for kvinner blei nummer 6 i førstedivisjon. Opp ein plass frå fjorårets femteplass.

SPORTSLEG OPPSUMMERING 2023 – KVAR GRUPPE

Sportsleg oppsummering – Gruppe: Sprint Senior

Trenar: Jan Herman Hordvik

Grappa bestod av 11 ulike utøvarar med ulik historikk, og derfor også veldig ulike målsettingar.

Per Tinius Fremstad-Waldron persa til 10.38 då han vann NM på 100m, som er hans første gull på senior-nivå.

Stephan Skogheim Kyeremeh tok bronse i NM innandørs på 400 m. Han fekk ny pers på 48.27 utandørs.

Sander Werge Nilsen persa til 10.69 denne sesongen, noko som var svært gledeleg.

Jonathan Holen persa til 11.02 på 100m og 6.98 på 60m og han hadde ein fin sesong både inne og ute på kortsprinten.

Mads Hjort-Larsen var i 2023 i rekruttklubben til Bul, Nesodden, men spring for Bul 2024. Han persa på alle distansar utandørs, med 11.27 på 100 meter, 22.26 på 200 meter og 49.23 på 400 meter.

Angelica Okparaebo deltok ikkje på løp denne sesongen, men trente likevel bra gjennom heile året.

Bereket Wayu persa på alle distansar både inne og ute denne sesongen med 22.16 på 200m som høgdepunkt.

Solveig Gran Busk satsa på 800m denne sesongen, målet var 2.10 og ho enda nede på 2.09.32, ei tid som vi var godt fornøgde med.

Theodore Fremstad-Waldron hadde ein knallsterk innandørssesong med veldig framgang, utandørs vart ikkje like bra, sjølv om han hadde eit par persar der òg, men ikkje på same nivå som inne. 22.20 innandørs på 200m må vi rekna som høgdepunktet hans i sesongen.

Mats Hjørnevik sette persar på alt inne og følgde opp med persar på både 100 og 200m utandørs. 11.11 på 100m ute var høgdepunktet for han.

Thea Pedersen sprang ikkje ute denne sesongen på grunn av sjukdom på vinteren og ønskte å trenast seg opp igjen. Veldig motivert utøvar som ser fram til sesongen 2024.

Medlemmane i grappa var også med på å ta medalje på 4 x 200m NM innandørs med ein bronsemedalje, dei sprang også inn til sølv på 1000m stafett NM. Begge delar i herreklassen.

Målet vart i stor grad nådd. Alle som konkurrerte ute sette personlege rekordar og nesten alle persa på alle øvingar som dei deltok i.

Grappa ser fram til 2024-sesongen, vi veit at det går ikkje til himmels etter ein bra sesong, men at den daglege jobben vil forhåpentleg føra til at dei tek nye små steg i utviklinga si, og at vi gler oss over kvar personleg rekord som blir sett, og at kvar enkelt utøvar får ei god meistringsskjensle og får utført sitt beste.

På slutten av 2023 har vi fått Udoka Madu og Hanna Hagevik inn i grappa, medan Angelica skiftar grappe på grunn av arbeidssituasjon og Solveig ønskjer å trenast saman med andre mellomdistanseutøvarar sidan det blir litt einsamt som einaste 800m-utøvar i ei 100-400m-gruppe.

Sportsleg oppsummering – Gruppe: Senior mellom-/langdistanse

Trenar: Svein Erik Strand Tønnessen

Sesongen 2023 var eit fint år for mellom- og langdistansegruppa i BUL. Klubben vann seniorklassen for menn i Holmenkollstafetten og rykte opp til eliteklassen. Damelaget til BUL kom på ein gledenleg 8. plass. Begge lag hadde innslag av både juniorar og veteranar.

Då banesesongen kom i gang, løp mellom anna Fabian Sparboe årsbeste og personleg rekord på fine 1.54 på 800m. Leon Douglas sprang 1.53 på 800m og Leon persa også fint på 400m med tida 47,76. Adrian Stene Olsen og Lars Wold Møller hadde også ei fin utvikling med høvesvis 1.58 og 1.59 på 800m. Ibrahim Buras persa på fleire distansar og fekk tidene 3.43 på 1500m, 7.59 på 3000m, 14.12 på 5000m og 29.10 på 10,000m som også kvalifiserte han til U23-EM i Finland. Simen Ellingsdalen sprang sitt beste resultat for sesongen på 10,000m på NM med tida 31.15. Simon Steinshamn var gledenleg tilbake og fekk tida 3.49 på 1500m. Endre Wigaard sprang fint tidleg på våren med 2.31 på 1000m og 32.57 på 10,000m. På damesida sprang Mari Roligheten Ruud fine 4.24 på 1500m og 16.16 på 5000m, som også kvalifiserte henne til U23-EM.

Ved overgangen til 2024 har gruppa fått mange sterke tilskot i troppen med mellom anna Mats Hauge og Robin Nedrehagen frå Gular, Abdullahi Dahir Rabi frå Runar, Håkon Stavik frå Ålesund, Vetle Solbakken, Sebastian van der Veen og Johannes Dalland (alle frå Spirit). Fleire yngre utøvarar har også teke steget inn i den eldre mellomdistansegruppa, mellom anna Henrik Bøe Johannesen, Inger Johanne Russnes og Aurora Langbakk. BUL ser fram til mange flotte resultat frå mellom- og langdistanseutøvarane i klubben i 2024.

Sportsleg oppsummering – Gruppe: Sprint/langsprint Senior

Trenar: Quincy Douglas

Året i korte trekk:

Leon: Etter å ha lagt ned mykje arbeid mot hovuddistansen 800 meter, så opna han sesongen med 2 løp innandørs: 600 meter. Det gjekk ikkje som venta (1.22) så resten av innandørssesongen blei droppa. Eg såg meir og meir tendensar til at 400m ville bli hans «faste» distanse, derfor brukte vi heile vinter- og vårsesongen på å jobbe mot det. Med fokus på spesifikk styrke, meir sprint og eit generelt mykje meir spissa opplegg mot 400 m.

Under påskeleiren persa han på alle distansar 60-100-150-200-testar og dessutan testar på 300.

Han hadde også stor framgang på spenst og styrke: kan nemna 2,97 l.u.t 10-steg: 31.50 stillestående. Og dessutan 140 kilo i knebøyg. Vi spissa forma meir mot å springe under 48-sek i NM. Målet var medalje i finalen.

Leon begynte sesongen under pari på 800 (1.53) men vi brukte det meir som ei økt på overdistanse.

Før NM på Jessheim persa Leon seg til 15,79 på klokka mi på 150 meter.

I NM sprang han 47,84 og 47,76 som var målet vårt. Han fekk ein fin 4. plass med den tida.

Resten av sesongen sprang han stemne på Austlandet og noko i Sverige. Med tider rundt 48-talet. Ny pers på 100 m: 11,51 og 200: 22.19 i lett medvind.

Fokus i 2024 blir å ofte sjå 46-talet i løpet av sommaren.

Ingen skadar og eit flott sportsleg løft for han og meg sjølv.

Thomas: Begynte innandørssesongen bra med tider 7.18 og 22,6 på 200. Målet var å komme over dei 4 år gamle persane hans på 100-200-400. Dette klarte han med glans, sjølv med ein strekkskade i mai: 11,03/22.30/50,42 og generelt stor framgang på styrke- og spensttestar.

Fekk mange fine løp frå midtsommar av, men avslutta medio august pga slitasje.

Gruppa vår fungerer utmerkt i lag, sosialt, sportsleg og ikkje minst med å ha ein kultur der toppidrett er i fokus.

Sportsleg oppsummering – Gruppe: Spydkast

Trenar: Åsmund Martinsen

Utøvarar: Dag Wergeland og Ruben Martinsen

Året 2023 starta veldig bra for treningsgruppa med mykje god trening i løpet av innandørssesongen.

Då vi starta med utetreninga, låg begge gutane an til å kunne sette gode persar.

Dessverre kom skadane luskande då forma og eksplosiviteten auka. Lyskeproblem og skuldervondt øydela oppstarten av sesongen og følgde dessverre gutane gjennom sesongen. Dei kunne kanskje fått nokre greie konkurransar på tampen av sesongen, men då prioriterte vi kvile frå kastinga og ein god inngang til eit nytt treningsår.

I haust har vi gjennomført mykje god grunnleggjande trening, med fokus på kondisjon og skadeførebyggande øvingar.

Gutane kjem sterkare tilbake til sesongen!

Sportsleg oppsummering – Gruppe: Langdistanse Senior Bredde

Trenar: Hassan Bouka

Året 2023 var dessverre prega av ein del skadar og sjukdom. Det har derfor ikkje vore så mykje deltaking i konkurransar.

Mars 2023:

Sesongen byrja i Fredrikstad med Fredrikstad-løpet i slutten av mars, der fleire frå gruppa deltok.

April 2023:

Så følgde det med massiv deltaking i ASICS Sentrumsløpet, der dei fleste var med, arrangerte og sprang anten 5km eller 10km. Rashid Handule tok sigeren i klassen herrar 55-59.

Kristine Walhovd og Mona Brundtland deltok på Boston Maraton i USA.

Mai 2023:

Mai er ein konkurransemånad med fleire gateløp, stafettar og baneløp.

Det byrja med Holmenkollstafetten, der BUL stilte opp med fire lag og alle fekk sprunge. Nokre løp i elitelag kvinner, nokre løp for senior menn, nokre løp for veteran herrar og dei fleste andre løp for mikslaget flest kvinner.

Fornebuløpet: her var det fleire frå gruppa som deltok.

Fleire har sprunge rekordløpet i Lier fleire gonger av våren.

Juni 2023: Fleire deltok på Nordmarka skogmaraton, som har heil- og halvmaraton og 10km.

Juli 2023: Ingen løp.

August 2023: DHL-stafetten OSLO 4x4, her stilte me opp med eit par lag.

September 2023

Drammen halvmaraton: mange deltok på halvmaraton og nokon deltok på 5km.

Oslo maraton: mange var med anten på heilmaraton, halvmaraton eller 10km. Mange klasesigrar.

Oktober 2023:

Noregsløpet, her deltok ein god del på 10km og nokon på 5km.

Nøklevann Rundt, her var det også mange som deltok både på 10km og 5km.

Årets høgdepunkt var Hytteplanmila, her var det god deltaking.

November 2023:

Vintermaraton, mange tok turen til vinterbyen Jessheim og deltok i både heilmaraton, halvmaraton og 10km.

I løpet av hausten hadde fleire vore i utlandet og delteke på ulike gateløp. Alt frå Berlin maraton, Frankfurt maraton, halvmaraton i Valencia og Barcelona for å nemna nokon.

Sesongen vart avslutta med ei hyggeleg sosial samling under julebord i starten av desember.

Sportsleg oppsummering – Gruppe: Ungdom sprint-hopp-hekk

Trenar: Unni Helland

NM senior innandørs 5 gutar, Christopher Nordlie-Zion og Elijah Ramirez- Kasper V. Engvik stilte til start på 60m, ingen kom vidare.

Thomas V. Biermann deltok i lengde senior og 8. lengde u/t for junior.

Vi hadde 4 juniorar i tillegg som ikkje kom til finale.

UM innandørs Steinkjer

J-18/19 Dorothy McManus Ampong 6. 60m 4.200m

J-16 Lilje Lopes Patey 3. 60m 2. 200m

G-16 Thomas Biermann 1.tresteg 4.lengde 200m utslått

Christopher Nordlie 60m semifinale 200m DNS

Zion Ramirez 60m utslått 4. 200m

Elijah Ramirez 5. 60m 6. 200m

G-18/19 Ariand Shegani 60m utslått

Thai Drager 5. tresteg 6.lengde 200m utslått

MU-23 Akshathan Nadarajah 1. tresteg 2.lengde

60m og 200m utslått

4x200m stafett J-18/22 nr. 3 (Dorothy Ampong, Solveig Gran, Edel Halle, Lilje Patey)
4x200m stafett G-15/17 nr. 1 (Elijah Ramirez, Tobias Gulbrandsen, Zion Ramirez, Christian Wright)
4x200m stafett G-18/22 nr. 5 (Akshathan Nadarajah, Thai Drager, Nicolas Eriksen, Eirik Halfdansen)

NM Stafettar

Stjørdal

4x100m G-15/16 nr. 1 Norsk bestenotering
(Elijah Ramirez, Christopher E. Nordlie, Zion Ramirez, Thomas Biermann)
4x100m M-20 nr. 2 (Ariand Shegani, Tobias Gulbrandsen, Christian Wright, Christopher Nordlie)

NM senior

MS Christopher E. Nordlie 100m semifinale, ingen finale
1000m stafett
(Christopher E. Nordlie, 200m + 3 frå andre grupper)

NM junior Sandnes

K U-20 Dorothy M. Ampong 100m utslått, 200m semifinale
Lilje Lopes Patey 4. 200m
M U-20 Christopher E. Nordlie 2. 100m 1. 200m norsk bestenotering på 200m
Thomas V. Biermann 10.lengde 3. tresteg
Ariand Shegani 100m utslått 200m semifinale
Thai Drager 7. tresteg, lengde utslått, 100m utslått
Akshathan Nadarajah 200m utslått
1000m stafett G-20 nr. 2 (Christian Wright, Christopher E. Nordlie, Zion Ramirez Tobias B. Gulbrandsen)

UM Hovudmeisterskapet Bergen

J-18/19 Dorothy McManus Ampong 7.100m 200m utslått 3. lengde
J-16 Lilje Lopes Patey 2. 100m 1. 200m

G-18/19 Ariand Shegani 100m semifinale 200m utslått

Thai Drager 100m utslått lengde skada

G-16 Christopher E. Nordlie 1. 100m 200m disk

Zion Ramirez 7. 100m 5. 200m

Elijah Ramirez 100m semifinale 6.200m 4.kule

Kasper Vinje Engvik 200m utslått

Thomas Viksaas Biermann 1. tresteg 7.lengde

1000m stafett J-17/19 nr 3.

Aurora K. Langbakk, Nora W. Proctor, Dorothy M. Ampong,

Lilje L. Patey)

1000m stafett G-15/16 nr 1. meisterskapsrekord

(Elijah Ramirez, Christopher E. Nordlie, Zion Ramirez,

Jonas M Rosholt)

Gruppa har bestått av om lag 15 gutar og jenter med litt blanda nivå og innsats på trening.

Vi har hatt ein utruleg sesong, med mange personlege rekordar.

Av jentene så er det Lilje Lopes Patey som hatt størst framgang.

Lilje blei tatt ut på Noregslaget til juniorlandskamp på Bislett i juli. Elles har jentene vore ein del plaga med sjukdom og skadar.

På gutesida er det Christopher Ekene Nordlie som har markert seg mest, med aldersrekord på 200m i G-16. Han blei også tatt ut til EUOF i Slovenia på 100m og stafett. Dessverre blei han utslått på 100m med nokre få hundredelar.

Gutar 16 har hatt som mål denne sesongen å setja rekordar i stafett, noko dei klarte med glans.

Nye bestenoteringer på 4x100m og 1000m

Sportsleg oppsummering – Gruppe: Sprint ungdom/junior

Trenar: Udoka Chile Madu

Året 2023 viste seg å gi fleire gode resultat for gruppa. Tobias fekk prøvd seg på ein ny distanse, 400m, som viste seg å vera ein distanse han har mykje potensiale for. Det resulterte mellom anna i sølv på jr. NM i Sandnes. Tidene hans på 400m gjorde også at han vart teken ut til både nordisk jr. landskamp og EM u20 i Jerusalem til stafett. I tillegg gav det ein plass på juniorlandslaget.

Nora var endeleg tilbake på banen etter lengre skadeavbrekk, og persa allereie første stemnet. Ho tok NM-kravet på 100m, og kom seg til semifinalen på 100 og 200m i jr. NM. Med kontinuerleg trening framover har ho meir å gå på.

Nokre frå gruppa drog på utveksling, men fekk konkurrert på sommaren. Blant dei har vi Tida som persa med fleire tidelar på 100m og 200m denne sesongen. Ho sprang for første gong på 26 sek på 200 m, og gjorde dermed store steg i rett retning.

Elles har gruppa generelt hatt framgang, og eg trur fleire av dei kan få gode opplevingar i 2024.

Sportsleg oppsummering – Gruppe: Sprint ungdom/junior

Trenar: Magnus Kringstad

Utøvarar som framleis er i gruppa:

- Adrian Sevaldstad

Hadde ein fin innandørssesong med pers på mange distansar – 60m, 200m, 400m, 800m, 1500m og 3000m. Og sjølv om han var med på herrelaget i Holmenkollstafetten, gjekk det litt tråare utandørs. Dette førte til at vi endra heile treningsopplegget i haust. No går det veldig bra med treninga og vi satsar på nye persar utandørs 2024.

- Christian Wright

Hadde ein strålende sesong innandørs med UM-gull på 60m med solid ny pers på 7,09. Persa også godt på 200m til 22,35. Var med på laget som sette ny meisterskapsrekord på 4x200m 15-17 år i Ulsteinvik. Christian var godt i rute til utandørs, men like før han skulle opna sesongen vart han dessverre skadd. Dette sette han ganske mykje tilbake, men han rakk akkurat å komma i form til UM, der han vann 100m for 3. året på rad med ny pers – 11,03.

- Jonas Rosholt

Har hatt ei veldig fin utvikling. Pers på 100m frå 12,08 til 11,55. Pers på 200m frå 24,40 til 22,82. Pers på 400m frå 53,31 til 50,82. Pers på 800m frå 2.08 til 2.02. Pers på 300m hekk frå 41,59 (76cm) til 39,93 (84cm). Var med på 1000m stafett-laget som sette ny meisterskapsrekord i 15-16 år under UM på Fana stadion. Satsar for fullt mot U18 EM på 400m hekk i 2024.

- Nicolas Eriksen

Har oppnådd gode resultat gjennom eit godt treningsarbeid. Persa på 60m frå 7,35 til 7,18. Pers på 100m frå 11,37 til 11,17. Pers på 200m frå 22,75 til 22,57. Vart i tillegg teke ut til å representera Noreg på 110m hekk under Nordisk juniorlandskamp på Bislett i sommar. Vart dessverre skadd på tampen av utandørssesongen som gjorde at han måtte stå over UM og NM U20, men er no i full trening igjen.

- Sigurd Fergestad

Måtte stå over innandørssesongen pga skadar, men kom seg på beina til utandørs der han sprang bra på fleire distansar. Pers på 100m frå 11,49 til 11,24. Pers på 200m frå 22,69 til 22,68. Og pers på 400m frå 53,59 til 51,26.

Utøvarar som ikkje lenger trenar i gruppa:

- Cathrine Grønbech (flytta til USA)

Etter nokre utfordrande år, losna det endeleg litt for Cathrine denne sesongen. Persa på 800m frå 2.27 til 2.24. Pers på 1500m frå 5.02 til 4.56. Pers på 3000m frå 10.59 til 10.45. Vart ferdig på VGS før sommaren, og byrja på University of the Pacific i California i august, der ho har halde fram treninga saman med skulelaget.

- Aurora Langbakk (gått over til Svein Erik si gruppe)

Har hatt eit litt utfordrande år resultatmessig, men sprang opp mot pers på både 800m og 1500m. Etter sesongen byrja ho å trenar i gruppa til Svein Erik. Aurora har framleis eit stort potensial til å springa fort på mellomdistanse, og forhåpentlegvis får ho vist kva ho er god for i åra framover.

- Henrik Bøe Johannesen (gått over til Svein Erik si gruppe)

Hadde ein god innandørssesong. Utandørssesongen vart dessverre i stor grad prega av sjukdom, men han fekk sprunge nokre konkurransar og var med på herrelaget i Holmkollstafetten. Persa frå 2.15 til 2.11 på 800m, til 4.27 på 1500m og til 9.58 på 3000m i løpet av året. Bytte også til Svein Erik si gruppe i haust, der han vil få fine høve til å utvikla seg.

- Inger Russnes (gått over til Svein Erik si gruppe)

Starta å trenar med oss våren 2022 då ho nettopp hadde sprunge Sentrumsløpet 5 km på 24 min. I 2023 sprang ho seg heilt ned til 18.25 på 5000m på bane. Har også pers på 1500m til 5.05, til 10.51 på 3000m, og til 38.39 frå 41.32 i 2022 på 10 km. Inger byrja også å trenar med Svein Erik i haust.

Cathrine, Aurora, Inger og Tora Grieg-Cappelen var med på kvinnelaget til BUL i Holmenkollstafetten som klarte å behalda plassen i eliteklassen.

Også 2-3 andre har gått over til Svein Erik si gruppe, men desse har ikkje konkurrert i nemneverdig grad.

Nye utøvarar inn i gruppa:

- Dina Aasen

Ny utøvar som kjem frå Fredrikstad. Har hatt ein del utfordringar med skadar det siste året. Hovudmålet for 2024 vil derfor vera å bli frisk nok til å stilla til start i konkurransar igjen.

- Stefan Skrede

Ny utøvar som kjem frå Haugesund. Har mykje potensiale og persa til 7,21 på 60m allereie i desember.

Sportsleg oppsummering – Gruppe: Breidde ungdom

Trenar: Akshathan Nadarajah

Det har fungert godt med ungdommane. Alle har det hyggjeleg på treningane. Nokre gonger blir det problem med den planlagde økta på grunn av at det kan bli fullt på Bislett. Det er også spesielt bra at ein av dei ønskjer å gjera det bra og derfor deltek på stemne.

Gruppa trener 2 gonger i veka.

Sportsleg rapport - Gruppe: 2009-2010

Trenarar: Sander Werge Nilsen, Nicolas Baranyi Eriksen og Mats Hjørnevik

2023 har vore eit svært bra år for gruppa både sportsleg og sosialt. Gruppa er ivrig, motivert og dedikert og viser god forståing for treninga og kvifor vi trener som vi gjer. Vi trenarar får masse spørsmål om trening og konkurranse, noko som viser stor læringsvilje hos utøvarane. Det er også ei fantastisk gruppe sosialt sett. Vi har fått inn ein del nye i gruppa og dei blei tekne godt imot av alle saman. Vi har også fått 3 stykk frå 2011-2012-gruppa inn i vår treningsgruppe. Dei er veldig

engasjerte og har komme godt inn i gruppa og vi er veldig fornøgdde med kor flinke dei andre i gruppa har vore til å ta imot dei.

Dei fleste i gruppa er med på stemne og utøvarane synest det er gøy å konkurrera. Dette har gitt gode resultat med flest personlege rekordar og mange gode plasseringar på store stemne som Tyrvingleikane, Lerøyleikane, kretsmeisterskap, distriktskampen og fleire gate-/terrengløp. Etter som at dei har vorte eldre har vi opna for meir spesifikk trening etter kva interesser dei har. Dei fleste ønskjer å trenar for mellom-/langdistanse eller sprint, men vi har også nokre få som vil trenar hopp til tider. Særleg etter sommaren då Nicolas byrja som trenar, har vi tilbydd trening i hekk og andre tekniske øvingar, men interessa har dessverre vore lita. Vi har veldig bra oppmøte på treningane på måndagar og onsdagar, og heilt greitt oppmøte på laurdagar

Vi trenarane pleier å laga øktplanar og stemneplanar som vi sender ut til medlemmane i gruppa slik at dei veit kva vi skal gjera på treningane og eigentreningane. Dette har fungert særleg bra etter sommaren med det nye trenarteamet, og vi har fått eit veldig bra system på periodisering av treninga. Vi observerer på treningane at dette har fungert bra ettersom utøvarane spring raskare, klarer fleire repetisjonar på same fart eller klarer å springa med kortare pausar (særleg for mellom/lang).

Kort sagt så har 2023 vore eit bra år med stor utvikling sportsleg, fysisk og sosialt sett med flest gode opplevingar. Denne gruppa viser stort potensiale og har det som skal til for å bli gode utøvarar. Vi trenarar har vorte betre kjent med gruppa og har ei betre forståing no for kva vi skal gjera vidare for å halda fram den gode utviklinga

Sportsleg oppsummering – Gruppe: 2011-2012

Trenarar: Edel Halle, Bereket Wayu og Akshathan Nadarajah

Treningsåret 2023 har vore eit bra treningsår, med eit jamnare oppmøte enn vi har hatt tidlegare. Likevel er det noko variasjon i kven som møter måndagar og onsdagar, og dessutan eit fåtal som møter på laurdagstreningane. Inntrykket vi sit igjen med er likevel at dei som møter på laurdagstreningane, får eit godt utbytte av desse då det er lettare med oppfølging av kvar enkeltutøvar.

På grunn av alderen deira har det vore litt vanskeleg å laga opplegg som treffer alle «barna» like godt, sidan det er stor forskjell på utviklinga deira. Vi har gradvis merka at det mest lønnsame her er å dela opp gruppa, så langt det lèt seg gjera. (Merk: etter kva barna sjølv ønskjer å gjera, ikkje prestasjonsnivå). Nokre av barna ønskjer eit meir seriøst og spesifikt program, medan det framleis er mange som ønskjer økter prega av ei «leik»-tilnærming. Vi har også fokusert meir på tekniske øvingar i år, spesielt hopp og hekk, inkludert løping. Dette har vore godt motteke.

Utanom dette har fleire utøvarar delteke på ulike stemne, uansett nivå. Dette er gøy å sjå. Det er også gøy å høyra at barna er så motiverte i forkant av konkurransane, og at dei liker å ha noko å trenar fram mot.

Alt i alt eit bra treningsår!

Sportsleg oppsummering – Gruppe: 2013

Trenarar: Anne Marie Meyer, Christopher Nordlie, Ariand Shegani og Johanna Rønner

Treningsåret 2023 har stort sett gått bra. Oppmøte er veldig varierende, men det kjem av at nokre av barna har andre fritidsaktivitetar ved sida av friidretten som av og til kolliderer med onsdagstreninga.

Vi har variasjon i treninga. Rundestafett, sprint, hekkeløp, hinderløype og lengdehopp er veldig populært. Vi har litt styrketrening, men løpetrening er det vi gjer mest av. Vi prøver å gi dei av barna som ønskjer det, ekstra tid til løpetrening. Vi prøver også å laga små konkurransar som stafett, noko som er populært.

Det har til tider vore ein del uro og uoppmerksomheit i gruppa i tillegg til manglande motivasjon hos enkelte, noko som tek energi og som kan påverka kvaliteten. Trass i dette har vi observert at nokre utøvarar har vist dedikasjon og god framgang i øvingane. Nokre har slutta og nye har komme til gruppa. I alt har det vore eit fint år for oss og for barna.

Når det gjeld stemnedeltaking, har det vore ei generell låg interesse frå gruppa. Dette ønskjer vi å jobba med framover slik at vi kan motivera utøvarane til å ta del i stemne for å utvikla ferdigheitene sine og oppleve glede ved friidrett.

Sportsleg oppsummering – Gruppe: 2014

Trenarar: Saveetha Satkunanathan, Eden Benhamou, Thai Drager, Hedvig Jonassen og Dorothy Ampong

Konkurransedeltaking:

Gruppa har deltatt på mellom to og tre friidrettstemne. Treningane er lagde opp slik at når vi trener t.d. lengd, høgde eller hekk, skal barna kunna konkurrera i desse øvingane seinare. Barna er derfor godt kjende med øvingane og er førebudde på å konkurrera. Vi skal prøva å ha meir fokus på framtidige stemne og konkurransar for barna som har lyst til det.

Treningane:

Vi prøver å variere mest mogleg i treningane og lar barna bli trygge og gode i kvar øving. I det siste har vi trent mykje lengd, høgde, kortsprint, hekk og litt lengre løp. Barna liker svært godt å hoppa høgde og vi ser ei stor forbetring, dei har blitt veldig gode.

Orden og åtferd:

Gruppa er svært fin å trena, det kan til tider vera litt diskusjon rundt opplegget for økta, men som regel løyser det seg greitt ved å finna eit kompromiss. Dette er ei ganske stor gruppe med ofte godt oppmøte.

Sportsleg oppsummering 2023 – Gruppe: 2015

Trenarar: Dorothy McManus Ampong og Lilje Lopes Patey

2023 har vore eit fantastisk år for gruppe 2015. Vi har inntrykk av at gruppa har eit flott miljø, der alle kjenner seg inkludert. Vi legg stor vekt på å følgja med på barna heile tida og vi ser at det aldri er nokon som fell utanfor. På treningane er det ingen som står igjen åleine, fordi barna er flinke til å passa på kvarandre. Vi har også introdusert mange ulike leikar og aktivitetar som har bidrege til å skapa eit endå betre fellesskap. Vi tek omsyn til framlegg frå barna og prøver å inkludera dei i planlegginga av treningane. Vi har fokusert på ulike friidrettsøvingar som hekk, lengde, høgde og reaksjon, slik at barna får prøva seg på ulike ting. Vi er stolte av engasjementet og framgangen til barna i løpet av året. 2023 har vore eit minneverdig år for gruppe 2015, og vi ser fram til å få endå fleire flotte opplevingar saman i 2024!

Sportsleg oppsummering – Gruppe: 2016

Trenarar: Saveetha Satkunananthan og Eden Benhamou

Konkurransedeltaking:

Det har vore lite deltaking i konkurransar for denne gruppa sidan dei framleis er ganske små. Treningane er lagde opp slik at når vi trener t.d. lengd, høgd eller hekk, skal barna kunna konkurrera i desse øvingane seinare. Barna er derfor godt kjende med øvingane og er førebudde på å konkurrera. Sidan barna blir åtte år gamle i år, skal vi engasjera dei til å prøva seg i konkurransar.

Treningane:

Vi prøver å variera mest mogleg i treningane og lar barna bli trygge og gode i kvar øving. I det siste har vi trent mykje lengd, høgd, kortsprint, hekk og litt lengre løp. Barna liker svært godt å hoppa høgd og vi ser ei stor forbetring, dei har blitt veldig gode.

Orden og åtferd:

Gruppa er svært fin å trenar, det er generelt lite bråk og barna følgjer godt med. Vi har ei utfordring med nokre barn som absolutt ikkje har lyst til å driva med friidrett, og dei påverkar gruppa negativt, ved at dei drar resten av gruppa med på å skapa uorden.

Sportsleg oppsummering – Gruppe: 2017-2018

Trenarar: Sverre Børringbo og Adrian Sevaldstad

Gruppa vår har auka til 14 barn i alderen 6-7 år, med eit relativt godt oppmøte kvar veke. I utgangspunktet var vi ei nystarta gruppe der ungane ikkje kjente kvarandre eller Bislett som treningsarena. Ila året har gruppa utvikla seg både sportsleg og på det sosiale, noko som har skapt eit generelt godt treningsmiljø.

Vi ønskte å laga eit godt treningsmiljø og har brukt mykje tid på lek og moro. I tillegg har vi fokusert på å skapa gode vanar som vil vera eit godt grunnlag for seinare. Dette inkluderer mellom anna oppvarming i form av jogging, tøyøvingar og drill. Vi ser at nokre av barna er meir engasjerte enn andre, som er naturleg for alderen, men kan skapa splitting i gruppa. Derfor har vi hatt heile økter i lengdegropa og høgdematta, ettersom dette har fått god respons.

Alt i alt har det vore ei positiv utvikling i 2017-/18-gruppa, noko som har lagt eit godt grunnlag for neste år.

Langrenn

Året 2023 for Heidi Weng:

Mesterskapsesong med VM i Planica. Det var utfordringar med å få til nok mengde og styrketrening inn mot dette året. Ein hovudskade i mars 2022 var framleis eit hinder.

Trass det vart forsesongen bra og året starta med ein 2. plass opp bakken i Tour de Ski. Det var ein bonus for Heidi vinteren 2023. Men utfordringane med skaden og kjensgjerning at treningsgrunnlaget var for dårleg, gjorde at ho valde å stå over VM. Som ho sjølv sa: Eg manglar verken deltaking eller pallplassar i eit VM, men individuell siger. Eg er ikkje i stand til å vinna der eg er no. Betre å la andre få min plass.

Det vart ikkje noko VM, men Heidi deltok i alle WC distanserennt vinteren 2023. For henne var det ein siger berre å fullføra sesongen. Det vart ingen NM deltaking.

Treningssesongen vår, sommar og haust gjekk betre enn fjoråret, men styrketrening var framleis ei utfordring pga hovudskaden. Styrketrening er for Heidi viktig for å vera eksplosiv nok og vera i stand til å gå teknisk godt på ski.

2 pallplassar i WC i desember 2023 vart derfor ei stor overrasking og opptur. Nr. 2 i Östersund 10km skate, nr. 3 i Trondheim 20km med skibyte.

Perioden rundt jul hadde ho privat «åleinesamling» med trening i Lavazè, høgd og nærleik til konkurranse-løypene i Val de Fiemme. Smørjaren til Heidi bur i området og det vart ein nyttig periode for test av ski.

Året vart avslutta med dei innleiande distansane i Tour de Ski.

BVT

BVT-året 2023

Slutten på ein epoke

Året 2023 var eit fint år for BVT-gruppa. Mykje aktivitet for alle våre grupper og eit år der vi fekk lagt ein trenarkabal som forhåpentleg vil vera av den langsiktige sorten. For det er ikkje til å komme unna at det er viktig med stabilitet i trenarane for ei slik brukargruppe, og dessverre har det blitt litt for stort gjennomtrekk særleg for våre handballspelarar. Frå hausten 2023 har vi fått inn eit team på fire veldig kompetente, energiske og flotte trenarar som skal gjere jobben dei kommande åra.

For underteikna blei 2023 det siste året som trenar for fotballgruppa. Etter over ti år som trenar lokka vestlandet med fjord og fjell for mykje. Det blei ei trist, men veldig fin avslutning med gjengen på mi aller siste trening. Heldigvis fortsett eg som leidar for BVT-gruppa og vil gjennom sesongen 2024 ordne det administrative og vera til stades på mellom anna dei store arrangementa som Vivil-lekene og Landsturneringa i Bodø.

Sesongen 2023 blei for fotballaga våre ein storarta sesong. Med to lag i alt vi stilte opp i blei det mykje speletid på dei alle. Pokal blei det og på alle. Vi starta sesongen ved å hente heim gullet på Vivil-lekene i mai med BUL 2 før BUL 1 avslutta seriespelet som ligameistrar i Stjerneserien 2023. Begge etter stor dramatik og høgt spenningsnivå. Det er ikkje ofte BUL har tatt heim dei gjeve pokalane så dette var stort for alle. Inkludert trenarane.

Handballgruppa har hatt ein positiv utvikling i 2023. Etter fleire år med aldrande stall og fråfall har vi for første gong på over seks år hatt påfyll i tropfen. Heile tre nye spelarar kom på plass i tillegg til at fleire av fotballspelarane er med meir eller mindre fast. Det har gjort treningskvardagen og kampkvardagen kjekkare. Gode prestasjonar har det også ført til.

For både handball og fotball var årets høgdepunkt Landsturneringa. Vi var tilbake på Lillehammer der vi for sju år sidan vant den gjeve Fair play-prisen. Denne gongen blei det ikkje pokal, men upåklageleg stemning, innsats og fair play blei likevel vist. Fleire av laga var etter dag ein med i kampen om den gjeve pokalen, men måtte gje tapt på turneringas siste dag. Vi var likevel einige om at Bodø i 2024 må opplevast. Dette er ei helg som gjengen lever på eit heilt år. Ei helg der gruppa blir knytt saman på ein heilt anna måte. Der vi får sett kvarandre på godt og vondt, men mest godt.

For BUL Ung har vi også opplevd vekst. Gruppa som starta opp midt i korona har bestått test-åra sine og er blitt ei stabil gruppe med stadig påfyll av interessentar som enten blir med vidare eller tar steget vidare. Begge våre handballtrenarar og vår eine fotballtrenar leder denne gruppa, noko som gir ein raud tråd i heile vårt arbeid med BVT-gruppa.

For underteikna er det rart å gje litt slepp. Ikkje være så til stades. Men trygg på at det går bra er eg. Og om saknet blir for stort, så kan du vere sikker på at eg får ein telefon eller sju i løpet av veka frå spelarar som har sitt å fortelje. Eg har auger over alt.

Kjetil Myklebust, leiar BVT.

ÅRSMELDING 2023 FRÅ RÅDET I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

Etter årsmøtet i 2023 har rådet hatt desse medlemmene: Kari Bjørke (ordfører), Magnhild Kaasin, Sveinung Helgheim (skrivar), Samuel Blessing Elonga, Vigdis Rønning, Vidar Lund, Karianne Johansen, Elise Haugsten, Kari Aniksdal (1. vara) og Vivian Brattsti Sørensen (2. vara). Samuel Blessing Elonga måtte diverre trekkja seg i november 2023.

Oppgåvene til rådet er å ha tilsyn med økonomien i Bondeungdomslaget, særlega og økonomiske tiltak som laget eig eller er med i. Rådet skal gi tilråding om lagsbudsjettet og rekneskapen etter § 10 i lagslova. Det er rådet som godkjenner konsernrekneskapen for Bondeungdomslaget, på grunnlag av rekneskapane for forretningane og årsmøtevedtak om rekneskapen for laget og særlega. Rådet gir elles tilråding i andre saker som styret legg fram, og i saker som rådet meiner er så viktige at rådet tek dei opp av eige tiltak. Rådet er, saman med lagsstyret, generalforsamling for Bønden Hus AS.

I 2023 har rådet vore opptatt av korleis det har gått med laget og forretningane i ei krevjande økonomisk tid. Straumprisane har vist seg å ikkje bli like ille som 2022, men generell høg prisvekst og auka renter har påverka kjøpekrafta negativt. Den svake krona ser ut til å ha vore ein fordel for hotellet som har hatt høgt belegg med utanlandske turistar. Kaffistova har også hatt ei god utvikling med meir enn 25 % omsetningsauke. På den andre sida har eurokursen slått negativt inn på varekostnaden til Solhjell, som har ei produksjonsbedrift i Estland. Laget har også merka prisveksten. Lagstyret har, i samråd med rådet, sett det som rett å vere forsiktig med pengebruken. Rådet har er nøgde med at både lagsstyret og styret for forretningane har arbeidd med å halde fram drifta på ansvarleg vis.

Ei av sakene forretningane drøfta med rådet i 2023 var å byte ut namnet *LL Lagsbruka til Bondeungdomslaget i Oslo* med *Hotell Bondeheimen AS*. Det er ikkje lenger mogleg å registrere nye namn som lutlag. Rådet hadde ikkje merknader til at dette selskapet bytte til eit namn som er i samsvar med namnet som vert brukt i drift og marknadsføring, og slik betre i kontakt med ulike kundar.

Ei sak laget drøfta er å innføre styrehonorar for medlemmer i lagsstyret. Dette blei diskutert på årsmøtet i 2023. I vedtaket stilte årsmøtet seg positive til dette, og bad rådet om å kome med eit konkret framlegg til neste årsmøte. Dette blei diskutert i rådet 29. november 2023, og denne tilrådinga vart samrøystes vedteken:

Årleg godtgjering på 25 000 kroner til leiaren og 10 000 kroner til nestleiaren. Styremedlemer får 500 kroner for kvart fysiske styremøte, 250 kroner for digital deltaking. Utbetalinga kjem i etterkant. Ordninga skal evaluerast etter to år.

Rådet har hatt fire møte i arbeidsåret 2023–2024. Det har vore greitt oppmøte, og rådet har vore vedtaksført på alle møta.